

Jutulsen

Årsskrift frå Vågå Historielag
2009 / Årgang 13



Jutulsen

Årsskrift frå Vågå Historielag
2009 / Årgang 13

Redaktør: Knut Raastad

Framsidedfoto:
Tor Sandnes, harving i 1949.
Foto Anton Vetlsæter.

Oppsett og tilrettelegging for trykk: Visus, Lom.
Trykk: Dalegudbrands trykkeri



2009 er kulturminneår. I samband med dette har det vorte hevda at også rundballar er kulturminne. Biletet frå 50 år sidan viser datidas "rundballar".

Innhald

Kjersti Tidemansen og Jan Stokstad: Veolianlegget – det store fangstanlegget	side 6
Kristin Akslen Hagen: Trekkspelet – utvikling og bruk	side 12
Ola Kampen – ein kjend spelemann frå Vågå	side 17
Harald Sve Bjørndal: To rim etter Ole Andersen Sandbu	side 23
Reidar Lonbakken: På flukt mot friheten	side 24
Hildegunn Killi: Østlandske Stenexport	side 28
Knut Hamsun: Landets sprog (utdrag av avisartikkel)	side 36
Knut Raastad: Skultbakken	side 37
Gunnar Ottesen: Sorenskriver / tingskriver i Nord-Gudbrandsdalen etter 1579	side 48
Knut Raastad: Nordherad	side 54
Langhustomt på Visdal	side 56
Ulvestugu ved Aabakken	side 58
Vågå Historielag: Årsmelding 2008	side 62

Veolianlegget

- det store fangstanlegget i Sjudalen

- Av Kjersti Tidemansen, arkeolog - prosjekt kulturminneregistrering i Vågå kommune 2007, og Jan Stokstad, gjetar i Lom tamreinlag.
Artikkelen har tidlegare vore publisert i Villreinen 2008, utgjeve av Villreinrådet i Noreg.

Spennande spor etter omfattande fangst i eit gammalt villreinområde.
Menneska har fylgt reinen i eit langt tidsperspektiv, og ein har nytta denne viktige ressursen på ulike måtar ettersom behov, samfunn og tida ein har levd i har endra seg. I det som i dag er eit tamreinområde sør for Ottadalføret i Oppland finn ein svært mange spor etter fangst av villrein i eldre tid, som både kan gje viktig kunnskap om reinen sine leveområde og om samfunna som står bak fangstanlegga. Eit av dei største fangstanlegga er i Sjudalen i Vågå kommune. Her skal vi presentere dette anlegget, og belyse drifta av anlegget gjennom reinen sin bruk av området og gjennom kulturhistoriske aspekt.


Bakgrunn.

Veolianlegget i Sjudalen har tidlegare vore kartlagt av Øystein Mølmen (1977) i samband med viltbiologiske undersøkingar i Jotunheimen/Breheimen. I seinare tid har privatpersonar gjort utfyllande registreringar (upublisert kart ved Jan Stokstad og Dag Inge Bakke 2000 i Vågå kommune). Til sist har Norsk institutt for naturforskning (NINA) målt inn fangstrekkeane både i Sjudalen, og dei nærliggande fangstrekkeane i Veodalen og Smådalen i Lom kommune med gps i 2005 (Per Jordhøy 2007).

Fangstanlegget inngår truleg i ein større samanheng med dei to fangstanlegga i Veodalen og Smådalen, men vi skal her konsentrere oss om Veolianlegget sin funksjon og bruk.

Fangstanlegget si utforming og brukstid.

Fangstanlegget ligg i dei vestre dalsidene av Sjudalen, og strekkjer seg frå Turrhaugane (sør for Ridderspranget) i nord til Hindseter i sør. I mellom her ligg Veolia med eit stort antal av fangstgropene. Veolia ligg der Veodalen møter Sjudalen, i den austre enden av Veodalen. Det er registrert totalt 412 fangstgropar, og dei fleste er jordgravne gropar. Det er mykje lausmasseavsetjingar her, ideelt å grave i. Eit lite antal er steinmura gropar. Dei fleste gropene har truleg vore fora med trevirke, medan nokon



har synleg steinforing i botnen. Gropene er aust-vest orienterte, for å fange opp trekket som har gått tvers over Sjødalen i eldre tid. Fangstgropene ligg generelt sett tett i dette anlegget, og særleg i Veolia. Avstanden mellom gropene her kan ligge på så lite som kring 1,10-1,20 m. Enkelte plassar er gropene plassert i fleire nivå, og i alle fall på ein stad dannar dette nærast eit sikksakk mønster. Dette er mellom Hindseterkampen og Skobekken. Passasjen her blir da veldig tett. Dette er ikkje så vanleg i fangstanlegg, og ein kan lure på kva som kunne vore grunnen til det.

Som ein parentes bør det nemnast at nær fangstgropene i Veolia, både i skogsbeltet og ved setrene høgare opp, finn ein nokre groper brukt til kolbrenning. Desse har ikkje nødvendigvis vore ein del av fangstanlegget. I nokon tilfelle kan fangstgroper ha vorte brukt sekundært som kolgroper, men dette er ikkje nærare undersøkt her. Veolianlegget ligg i eit vidt og ope landskap. Det er lite naturlege stengslar som kan ha leda reinen mot fangstanlegget. Men Veogjelet har spela ei avgjerande rolle for fangsten her, og styrt reinen mot fangstanlegget. Veogjelet, som skjer seg aust-vest innover fjellet mellom Sjødalen og Veodalen, meiner Mølmen (ibid.:162) har vore ei barriere for reinen og verka som eit ledegjerde ved naturlege trekk og ved eventuell driving av reinsflokkane. Veogjelet har difor vore heilt avgjerande når ein valde seg kryssingsstaden over Sjoa som område ein ville legge fangstanlegget i, og som har skapt moglegheitene for fangst i fangstanlegget. Ein kan nesten sjå for seg ein "fangstentrepener" få ideen til plasseringa av fangstanlegget. Når det gjeld tidsperioden dette fangstanlegget har vore i bruk, har ein ingen dateringar av dette anlegget eller av dei nærliggande anlegga i Veodalen og Smådalen. Men det er rimeleg å tru at det kan settast i samanheng med bruken av anlegg i andre område

i Noreg der det er gjort dateringar. Desse har i hovudsak falle innanfor perioden yngre jernalder-mellomalder, ca. 600-1537.

Reinen sin bruk av området.

Før i tida har det nok vore ei stor villreinstamme som har brukt desse fjellområda. Reinen har trekt i mellom Jotunheimen og truleg området Murudalen – Skåbufjellet - Gausdal Vestfjell - Valdres. I desse austlege områda er det store lavbeite. Fangstanlegget i Sjødalen er dermed plassert i eit sentralt område i trekket mellom vest og aust, mellom sommarbeite i sentrale Jotunheimen og haust-, vinter- og vårbeita i dei austlege områda. Jordhøy (2007:30) meiner at fangstanlegga som er kartlagt i området Sjødalen-Veodalen-Smådalen, viser at betydelege delar av villreinflokken må ha passert på dette beitetrekket. Jotunheimen er fyrst og fremst sommarhamn med fersk mat til einkvar tid heilt inntil breane. Jotunheimen er òg unik ved at det finst grøntbeite og lav i alle høgdelag. Om det har vore periodar med mykje snø og nedising på dei flate flyene i aust og sør, kan Jotunheimen i tillegg ha redda mykje rein med vintermat.

Kva for trekk kan fangstanlegget i Veolia ha fanga opp? Det har vore moglegheit til å fange fleire gonger for året, men kanskje har hausttrekket vore det mest attraktive etter ein sommar med næringsrik kost for reinen, som har gjeve seg utslag på både kjøt, skinn og gevir.

I dag er det Vågå tamreinlag og Lom tamreinlag som har reinen sin i og kring Sjødalsområdet. Sommartid har Vågå tamreinlag reinen sin på aust-, sør- og vestsida av Sjødalen-Gjende. Vinterstid har dei reinen ved Russvatnet, Hindflya, Veolia, Fuglhøa. Reinen til Lom tamreinlag må haldast på vest-nordsida av Sjødalen. Den får ikkje beite fritt ned mot Sjødalen, men kan trekke utover mot Hindflya og Veomyrene.

Fangstanlegg og samfunn.

Noko av det som er så spennande med fangstanlegg, er kva for "innsyn" vi kan få om folka som dreiv fangsten og samfunnet deira. I møtet med eit slik mektig arbeid og stor kunnskap som fangstanlegget representerer, blir tankane sett i sving om kven dei var og kva for liv dei hadde. Fangstanlegget i Veolia er svært omfattande. Det store trekket som har gått her, plasseringa av anlegget og det store antalet fangstgroper som ligg meir eller mindre tett gjer at ein ser for seg at meininga med dette

anlegget var storfangst. Det gjev eit heilskapleg inntrykk. Ein kan sjølv-sagt ikkje vite dette sikkert utan dateringar, men det er rimeleg å tru at i alle fall større delar av anlegget var konstruert i løpet av ei periode for å fungere i ein samanheng. Ved bruk av Veogjelet som naturleg ledegjerde, som har gjeve moglegheitene for fangst, ville det gjeve mest utbytte av arbeidet å lage mange fangstgroper her.




Det er også eit anna viktig trekk ved fjellområda kring Veolianlegget. På austsida av Sjudalen ville ein ut frå terreng og landskap ha venta å finne fleire og større fangstanlegg.

Området kan samanliknast med til dømes Heimfjellet-området i Lom kommune når det gjeld terreng og landskap. Der er det mange små og fleire større fangstanlegg i krinkar og kroker. På austsida av Sjudalen er det kjend berre nokre få små anlegg. Vest for Sjudalen er det ikkje kjend fangstanlegg mellom det store anlegget i Veolia og anlegga i Veodalen og Smådalen i vest, med unntak av eit anlegg ved Nilsbekken ut mot Hindflya med 29 mura fangstgroper.

Turrhaugane. Synfaring av ei fangstgrop på Turrhaugane. Kjersti Tidemansen ved gropa. I bakgrunnen ser ein riksveg 51. Foto: Jan Stokstad.

Kan dette tolkast som ei slags sentralisering av fangsten i dette området? Har nokon hatt ein rett på området slik at ein kunne bestemme over konstruksjonen av fangstanlegg? Viss det kan tolkast slik, kan det sjå ut til at ein har sett inn innsatsen der moglegheitene for fangst var størst. Veolianlegget har kravd mykje ressursar og stram organisering av folk for å få skikkeleg utbytte av fangsten. Ei utrekning av kor lang tid det kan ha teke å grave ei fangstgrop for rein viser kor omfattande konstruksjonen av anlegg har vore. Ei fangstgrop som er ca. 2 m djup, 2 m lang og 0,7 m brei har teke 20-25 dagar for ein person å grave (Bevanger/Jordhøy 2004:16). Gjennom åra etter konstruksjonen av anlegget har ein hatt vedlikehaldet av fangstanlegget, sjølv fangsten, bearbeiding av fangstprodukta og fordeling og distribusjonen av desse produkta. Eit så stort

arbeid er uttrykk for eit velorganisert samfunn, og arbeidet har sannsynlegvis vore styrt av stormenn. Bøndene i Vågå sin bruk av Sjudalen går langt attende i tid. Mellom anna har setringa hatt ein sterk tradisjon der. Jakt, fangst og fiske har også vore viktig. Sjudalen er rik på kulturminne av forskjellig art, som viser eit mangfald av ressursutnyttinga her gjennom lang tid. Stormenn frå Vågåområdet har sannsynlegvis vore involvert i Veolianlegget. Både det arkeologiske gjenstandsmaterialet frå bygda, som ein finn opplysningar om i Kulturhistorisk museum si gjenstandsdatabase og i Bygdebok for Vågå og Sel, og historiske kjelder frå mellomalder og nyare tid viser at det har vore folk der med makt og myndigheit. Sandbu er ein gard som utmerkar seg både i arkeologiske funn og historiske kjelder. Mellom anna på byrjinga av 1200-talet, står Ivar Gjæsling på Sandbu med retten på Heimdalen. Denne retten har han fått som pant etter å ha innordna seg under kongen. Ivar Gjæsling var for øvrig også kong Sverre sin lendmann (Teigum 2001:196-197). Er dette eit uttrykk for denne slekta og garden sin mektige posisjon i bygda? Kongen kan sjå ut til å ha trengt ein mektig alliert her i den urolege tida med kamp om makta i det norske riket, når han har gjeve ei så stor gåve i pant. Samstundes kan det på den andre sida vere eit uttrykk for eit behov for å



Veolia og Veogjelet. Veogjelet har vore avgjerande for plasseringa av fangstanlegget. Foto: Jan Stokstad.

ha kontroll over viktige utmarksressursar. Det kan vise kor viktige desse har vore som ei kjelde til rikdom for elitane i samfunnet.

Ein kan ikkje vite om det er noko samband mellom Sandbu og Veolianlegget. Men Sandbu kan vere eit godt døme på ein gard med storfolk som kan ha hatt sitt å seie for fangsten som har føregått i Veolia. Det krevst enda meir forskning på både fangsten, fangstanlegga og samfunna i bygdene her for å kaste meir ljøs over organisatoriske, økonomiske og politiske sider ved slik verksemd. Veolianlegget, saman med mange andre fangstanlegg, rommar eit stort kunnskapspotensiale.

Litteratur:

Bevanger, Kjetil/Jordhøy, Per 2004: Villrein - fjellets nomade. Naturforlaget.

Jordhøy, Per 2007: Gamal jakt- og fangstkultur som indikatorar på trekkmonster hjå rein.

NINA rapport 246. www.nina.no

Kulturhistorisk museum (oldsaksamlinga): *oldsaksamlingen - arkeologisk tilvektskatalog*.

www.dokpro.uio.no/arkeologi/oslo/hovedkat.html Sist besøkt 14.01.2008.

Mølmen, Øystein 1977: Viltbiologiske forundersøkelser i Jotunheimen/Breheimen: fangst og jakt på villrein. Felt 1, 3, 4 og 5.


Teigum, Ivar 2001: *Bygdebok for Vågå og Sel* band 1. Sel kommune og Vågå kommune.

Kart: Upublisert kart ved Jan Stokstad og Dag Inge Bakke 2000 i Vågå kommune.



Trekkspellet - utvikling og bruk

Ola Kampen - ein kjend spelemann frå Vågå



Ola Kampen, passfoto frå under krigen. Utlån Odd Engen.

- Av Kristin Akslen Hagen (*frå særøppgåve folkemusikklinja på Vinstra*).

Da eg skulle skrive denne oppgava, bestemte eg meg for å skrive om noko lokalt frå heimplassen min, Vågå. Eg besøkte det lokale biblioteket, Nordalsarkivet og Folkemusikkarkivet. Likeeins kontakta eg Jutulheimen, heimbygdsmuseumet for å høyre om dei hadde noko aktuelt stoff. Eg var ute etter informasjon om gamle speletradisjonar frå bygda og stoff om ein svært kjend, og mykje brukt spelemann Ola Kampen. Etterkvart som eg undersøkte, varte eg forundra over kor lite skriftleg det er å finne om dette. Men eg fekk mange tips om personar i bygda som visste ein del, særleg om Ola Kampen. Biblioteket ordna med at eg fekk tak i boka "Einraderen i norsk folkemusikk" som er skrivi av Jon Faukstad. Boka kom frå musikkavdelinga på Deichmanske bibliotek. Ellers fann eg fram til ei side på internett som var skrivi av Martin Paulsen som gav ei grei oversikt over korleis trekkspellet har utvikla seg sidan det kom.

Fleire av dei eldre personane eg kontakta vedr. opplysningar om Ola Kampen ville ikkje prate med meg sjølve, dei tykte dei var for gamle, hadde gløymt mykje o.l. Men alle tipsa meg om yngre personar som eg kunne spørja. Såleis kontakta eg Odd Engen på Tessand og han ville gjerne hjelpe meg. Ola Kampen var oldefar hans og han visste mykje. Han hadde førebudd seg godt til eg kom, og han brukte ein heil kveld på å fortelje og vise meg bilete han hadde. Det var artig å høyre ein fortelje så levande om ei heilt anna tid enn det vi er van med. Eg fekk også låne med meg ein del bilete og brev, dåpsattest og kontrakta Ola hadde frå Bessheim. Så tusen takk til Odd for eineståande hjelp.

Eg var og på besøk hos Ola Grøslund i Nordherad, og han visste og mykje, særleg om musikken etter Kampen. Han hadde ordna cd til meg med mange "Kampeleike" og det tykte eg var artig. Ein stor takk til han for hjelpa.

Korleis trekkspellet kom til bygdene og kom i bruk – eit enkelt historisk tilbakeblikk.

Trekkspellet slik vi kjenner det i Skandinavia finst i dag i bruk over heile verda. Det er utvikla frå den enklaste typen trekkspell som vi kallar durspel. Durspelet er diatonisk og vekseltong i både diskant og bass. I Tyskland vart munnspelet oppfunne i 1821. Trekkspellet er og eit blåse-

instrument og i 1822 vart det oppfunne av same mannen. Han kom frå Berlin og heitte Christian Friedrich Busch. Fyrste trekkspelet hadde meloditangentar, men ingen bass og var vekseltonig.

I dei borgarlege salongane i Paris på 1830-åra var trekkspelet høgste mote. Men dei mista fort interessa for instrumentet. Det var mellom arbeidar-klassa og på landsbygda at instrumentet verkeleg slo rot. Trekkspelet er i dag typisk innslag i folkemusikken og anna folkeleg musisering over heile verda.

Trekkspelet ser ut til å ha kome i bruk på bygdene her til lands på 1860-1880 åra. På denne tida vart det sett på som synd å danse og spela fele, og folk i dei mest pietistiske stroka knuste felene sine for å bli fri frå synd og bli frelste. Det gjekk ei religiøs vekkjing over heile Nord-Europa, men over vårt distrikt hadde det ikkje så stor innverknig. Vi veit at i Gudbrandsdalen så langt oppe som Bøverdalen i Lom fanst det truleg folk som spelte trekkspell alt i 1860-åra.

Det er fleire grunnar til at trekkspelet kom i bruk. Trekkspelet var nytt og ikkje belasta med syndige assosisasjonar. På einraderen var det lett å lære å spele enkle melodiar og det hadde ein gjennomtrengjande klang som høyrdest godt utandørs. I 1850-60 åra gjekk prisen på trekkspel ned pga auka konkurrans og at det vart starta serieproduksjon. På den måten vart spela billigare og fleire kunne skaffe seg dei.

Ellers skjedde det store endringar på bygdene i denne tida. I 1851 kom ei ny veglov som sette fart i vegbyggjinga mange stader. Samstundes starta jernbaneutbyggjinga som skapte store endringar der toget kom. Landhandelen vart delvis frigjeven i 1857 og heilt frigjeven frå 1866, så talet på handelsmenn auka raskt. Overgangen frå sjølvbergingsssamfunnet til pengehusald hadde for alvor kome i gang og pengeløn til arbeidsfolk vart meire vanleg. Det kom ein flaum av nye varer til bygdene, deriblant trekkspelet.

Frå rundt århundreskiftet vart trekkspelet svært populært i Norge. I 1901 trekte den 8 år gamle Karl Karlson – seinare Carl Jularbo – fulle hus i mange veker i Oslo. Den store interessa for trekkspelet frå århundreskiftet hadde sitt utspring i byane. Kinoen kom der på denne tida, med fram-

syning av stumfilmar der filmrullane måtte skiftast ofte. Da vart det ofte brukt unggutar som kunne spele på trekkspel for å underhalde i pausene. Kino-eigarane konkurrerte om å ha dei beste trekkspelarane. På denne måten fann eit nytt musikkinstrument sin plass i det folkelege musikklivet.

Når kom trekkspelet i bruk i Ottadalen?

Det er vanskeleg å tidfeste akkurat når trekkspelet kom til Ottadalen. I boka som Jon Faulstad har skrivi er det referert til intervju han gjorde med gamle folk om dette. Erland Grev frå Vågå fortel at Ivar Lillesæter 1848-1924 spelte trekkspel. Truleg var det i tida da nyvegen vart arbeidd fram forbi Tessand i 1865. Sonen hans, Øystein tok og tidleg til å spele. Ivar Lillesæter var svært flink med hendene, og reparerte ofte trekkspel. Han laga og stemmer sjølv av noko slag koparblad. Han var og den som lærte Ola Kampen å spela.

Pål A. Kleiven f. 1878 hugsa og frå trekkspelet sin tidlegaste barndom. Men bestemor hans som var fødd i 1813 sa at ho frå si ungdomstid berre kunne hugse at det var fele som vart brukt på festane.

Rundt århundreskiftet vart trekkspelet meir brukt enn fela enkelte plassar. Vi veit at m.a. på Tessand var det mange som spelte trekkspell. Nils Åsheim sa at det var etter at far hans fekk tak i trekkspel frå Tyskland at det vart så populært. Spelemannen Ola Kampen frå Tessand og Knut Runningen frå Garmo var kjende på denne tida i norddalsbygdene.

Trekkspelet vart stort sett brukt til dansemusikk ved uformelle samankomstar som t.d. dugnader, festar, som underhaldning, i heimen. Ved meire høgtidelege høve som t.d. i bryllup når brudepar skulle spelast inn, var det alltid fele som vart brukt.

Av mange vart fela sett på som "finare" enn trekkspelet. Mange felespelmenn såg med uvilje på trekkspelet, ikkje minst fordi det vart mindre spelning på dei, men og fordi dei meinte at trekkspelarane forenkla leikane. Mange likte best å danse etter trekkspel, fordi ein hørde betre, og det var god takt. Elles var det mange som tykte at fela let penast, og tykte ho var meir "høgtideleg". Dessutan foretrekte dei fleste at springleik vart spelt på fele.

Ola Kampen spelte både fele og trekkspel, men mest trekkspel. Fele lærte han av Gammel-Ringnes'n og han sette han høgast av spelmenn. Det er rimeleg å tru at Kampen, så langt råd var, overførte Ringnes-leikar til ein-raderen sin. Ellers lærte trekkspelarar leikar frå framande som for gjennom bygdene, - Kampen lærte mange leikar av tyske turistar, av andre når dei var ute i det militære, somme laga leikar sjølve, og etterkvart kom grammafonplatene.

I Vågå har trekkspeltradisjonen levd i nær kontakt med ein sterk og gamal feletradisjon, og ein del av reportoaret har vore felles. Det gamle ein- og to-rader-reportoaret består berre av dansemusikk dvs springleik, vals, reinlender, masurka og polka.

Dei som starta å spele trekkspel hadde ingen tradisjon å ta hensyn til, dei spelte slik dei ville. Dei spelte det dei hadde bruk for, difor spelte dei aldri halling i Vågå for den dansen var utdøydd da trekkspelet kom i bruk. Trekkspelarane spelte heller aldri marsj, fordi det alltid var fele som skulle spele t.d. brurmarsjane. Mykje av den gamle felemusikken i Vågå var mollstemt og let seg vanskeleg overføre direkte til durspel utan å bryte den tilvande tonekjensla folk hadde. Men mange av ein-radar-springleikane kan kjennast att av gamle feleslåttar, så det er sjølvstøtt ein del fellesstoff for fele og trekkspel. Men her som elles har det vore rom for individuell utforming og regionale skildringar.

Trekkspelet si historie og utvikling:

1200 f. Kr. For rundt 3000 år sidan vart "stamfaren" til trekkspelet oppfunne i Kina. Instrumentet kallast kinesisk munnorgel og høyrer framleis til i kinesisk folkemusikk.

1821: Tyskaren Christian Buschmann fann opp munnspelet Mundaoline.

1822: Christian Buschmann fann opp det einradige trekkspelet utan bass, Handaoline.

1829 Tyskaren Cyrill Demian vidareutvikla trekkspelet.

1830 Trekkspelet vart sett i produksjon.

1860 Ein av dei mange trekkspelfabrikkane produserte heile 214000 trekkspel.

1899: Eit trekkspel kosta 2 kroner. Det tilsvarte om lag 3 % av ei månadsløn.

Jularbo sitt første trekkspel var eit magdeburger – spel frå 1899.

- 1900: Nå kom trekkspellet med 3-rader med bass, og 4-rader med 60 liketona bassar.
- 1904: Carl Mathiesen spelte inn den første norske gramofonplata med trekkspelmusikk.
- 1908: Den første norske trekkspelkonkurransa i Norge.
- 1821-1910: Alle trekkspela var diatonisk, dvs ulik tone ved belgføring ut og inn. Alle instrumenta av desse slaga vart kalla trekkspel.
- 1910: Det første kromatiske trekkspellet, dvs lik tone ved belgføring ut og inn, vart laga. Dette var eit pianotrekkspel, men omtrent samstundes starta dei å lage knappspel med 3 grunnrader og 2 hjelperader i discanten.
- 1911: Johan Elsmo vart Norgesmester, og han gjorde seinare 90 plateinnspelningar.
- 1913: Carl Jularbo kom ut med si fyrste gramofonplate.
- 1915: Nå kom det første kromatiske trekkspellet til Norge.
- 1925: Gotthard Erichsen var den første som spelte trekkspel (diatonisk) på direkte i radio.
- 1927: Nå vart det teknisk mogleg å spele gramofonplater i radio.
- Kanskje verdens eldste trekkspelvits frå avisa Le Journal Amusant (1866 Paris): "Ein har ennå ikkje rett til å drepa dei som spelar dette instrumentet, men ein kan håpe at den dagen kjem".

Ola Kampen 20. mars 1863 – 16. desember 1945 **– ein kjend spelemann frå Vågå**

I kyrkjeboka stod det:

Ole Olsen f. 20. mars 1863, døypt 14. september 1863, uekte

Far: Ole Pedersen Skultbakken, enkjemann.

Mor: Anne Svensdotter Sønstelien, jente.

Ole Kampen (seinare kalla Ola) vart født på Kviten 20. mars 1863.

Han voks opp saman med mora på ein liten plass som heiter Kampen.

Det er ei lita hø rett over Skultbakken som heiter Kampehøa, og der oppe stod det eit lite hus som vart kalla "Kampestugu". Der budde Ola i heile oppveksten saman med mora Anne. Ola var såkalla "lausunge" sidan mora og faren ikkje var gifte og ikkje budde saman. Han hadde ingen søsken, men han hadde mange halvsøsken. Faren Ole hadde vore gift før han trefte Anne. Både Anne og Ole hadde ungar frå før, men ingen er sikre på kor mange. Somme meiner at Ola kanskje hadde oppi ni halvsøsken.

Mora hans, Anne, hadde i allefall ei dotter som heitte Guri Ivarsdotter Wahl. Ho var mykje saman med mora og Ola opp på Kampen.

Barndomen var mykje prega av fattigdom. Mora for rundt og tok det arbeidet ho kunne få. Ola vart svært interessert i jakt og fiske og å vera ute i naturen og fjellet. Han starta tidleg med å gå på rupejakt og reinsjakt, dette gjorde at dei fekk mat på bordet. Han skaut og mykje storfugl, helst tiur. Av dette laga dei ”spa”, der kokte dei heile fuglen saman med poteter og grønsaker nedi gryta. Hans Svelstad var ein stor jeger på den tida. Han arbeidde med rikfolk på Klones og han var eit lite førebilde for Ola på den tida. Hans skulle seinare bli svigerfar til Ola. Den 29. november 1883 gifta Ola seg med Anne Hansdotter Kleiven. Ho var dotter til Skyttar-Hans (Svelstad) og Torø som budde på Svelstad, ein liten nedlagt plass utanfor vegen mellom Skultbakken og Vidsalslykkja.

I 1892 overtok Ola og Anne ein liten husmannsplass, Pålstugu i Storviksroa som tidlegare var under nordgard Storvik. Plassen overtok dei etter Pål og Marit Kleiven, ingen av deira tre ungar ville overta heim-plassen, men reiste til Amerika. Pålstugu var på 5-6 mål. Da foreldra til kona hans Anne døydde, tok dei over heimen deira Svelstad. Johanne, syster hennar vart buande saman med dei. Dei flytte mellom Pålstugu og Svelstad som dei brukte som vår- og haustseter.

Ola og Anne fekk 5 ungar saman – fire jenter og ein gut. Dette var Anne, Pauline, Torø, Marie og Hans. Alle med unntak av Marie, reiste ut frå Norge i ung alder. Dette var på grunn av fattigdomen og svolten og elles dårlege levekår - Torø reiste til Sør-Dakota, Hans til Canada, Anne til Canada og Pauline til Dakota. Marie vart att heime hos foreldra sine. Pauline var berre 15 år den gongen dei skulle reise. Anne måtte ta vare på ho da dei reiste med båt frå Norge. Da dei skulle gå i land i Amerika, fekk dei vite at dei måtte vera 16 år for å kome i land. Pauline var den gongen 2 månader for ung. Da slektningen Johan Øien fekk høyre dette, reiste han fort ned på kaia og ville ta vare på dei to jentene ei stund. Dei vart hos Johan på farmen hans eit par år før dei vart skilde. Anne reiste til Canada og Pauline vart att i Dakota. Her fekk dei kvar sin mann og budde på farmar. Det skulle gå 33 år før søstrene skulle møtast att. Etter vegen i dag er det ca. 10 timars kjøring mellom plassane dei budde, men på den tida var det ei så lang reise at dei ikkje kunne ta turen.

Johan var gift to gonger og hadde med seg konene sine til Amerika. Den 3. kjerringa han fann seg var dottera til Kampen, altså ho Marie (søstera til Anne og Pauline). Han reiste til Norge og ville ha med seg Marie til Amerika, men ho ville vera att heime hos foreldra sine, sidan ho var den einaste ungen dei hadde att i Norge. Dette godtok Johan, og dei vart verande. Johan var fødd i 1862 og Marie var fødd i 1900. Altså var han mykje eldre enn siste kjerringa si (38 år). Han hadde 11 ungar frå før, og fekk 7 med Marie. Altså fekk han 18 ungar.

Vinterstid for Ola rundt på jakt og speling. På jakt gjekk han mykje saman med Anders Aasheim. Dei jakta mykje på rein. Ein gong dei var på jakt oppi mot Nautgardstind fekk dei skote 5 reinar. Men korleis skulle dei få med seg alle dei heimatt? Dei delte dei opp, pakka det og gjømte det godt oppi fjellet så dei kunne gå og hente resten seinare. Noko bar dei med seg ned den dagen, men det er jo ikkje mykje to karar klarte og bera om gongen når det var så langt å gå. Kampen var veldig god til å lokke på rypa. Viss han sto ein plass å lokka, ville rypene koma til han for å sjekke ut kva det var og kven. Han fekk med seg mange paringsdanser til rypene, og han meinte det at den dansen var like brutal og artig å sjå på som ande dyr. Men rypa er ikkje så kjent for dansen sin.

Da krigen kom og tyskarane angreip Norge, måtte Kampen og alle andre levere inn våpena sine. Dette gjorde det seinare vanskeleg å jakte. Men Kampen jakta da framleis på storfugl, det gjorde han med "snyru".

Frå 1893 arbeidde Ola som turistfører i Bessheim. Løna skulle m.a. vera eit par sko, 180 kg bygg og 20 kroner pr. år. Som ein del av løna frå Bessheim fekk Ola Pålstugusetra el. Kampesetra på Storviksetrane som vi ser av kontrakta som er skrivi. Ola vart i Bessheim om somrane i over 20 år. Her treffe han mange tyske og engelske spelemenn og lærde mange leiker av dei.

Ola og Anne hadde no tre små bruk som dei brukte og flytta imellom med dei tre kyrne sine. Kyrne heitte Salros, Hjertros og Raudyr. Dei hadde og ei geit, ein gris, høner og seinare litt sau.

Ola Kampen begynte å spela fele i ung alder, seinare spelte han einrader. Den gamle fela han brukte på den tida heng nå på garden Kaldbakk og

vart stilt ut på Landskappleiken i Vågå i 1991. Det var ingen andre i familien hans som spelte noko, så han er ikkje frå nokon spelmannsslekt. Slektningane etter han har spelt. Dottera Marie spelte noko, og barn/ barnebarn der etter. Det store idolet hans som han sette høgt som spelmann var "gamel-Ringnesin", Kampen hadde ønske om og ein dag bli like stor som han inna musikkmiljøet. Den dagen kom, og Ola Kampen eller berre "Kampen" vart eit kjent namn spesielt i nord-dalen. Han var mykje burte på speling. Reiste langt for å spela på alt frå bryllaup, begravelser, festar, det meste. Når han først reiste var han burte lenge, kanskje i fleire veker. Det seiest at han var mykje oppi Skjåk å spelte. Der trefta han mange spelmenn, og kveldane gjekk med til å spela og drikke. Det kunne bli mykje drikking på desse turane han hadde.

På Kampesetra føregjekk "Kampeseterdonan" kvar 2. søndag i august. Dette var ein årleg slåttedugnad som samla 30-40 karar og kvinnfolk til arbeid med låg og rive, før rømmegrauten vart servert og tilslutt dans utover natta. Ola og Anne sette stor pris på at så mange ville vera med å hjelpe dei med onninga. Sjølv hadde dei ikkje vilja greidd det attåt at Ola var turistfører i Bessheim. Om kvelden kom mange andre som og ville vera med på festen. Anne stod utanfor huset og selde kaffe til dei nye gjestane, og folk hadde med seg "noko attåt" sjølv. Før donan starta måtte Ola ordne litt slik at ikkje noko skulle bli øydelagt når dansen gjekk som hardast. Glasa i stova var låge, så Ola fann seg nokre fjøler og spikra fast framfor dei så dei ikkje skulle bli sundspente. Ut på kvelden vart folk fulle og ofte var det nokon som kom i slåsskamp. Det var stadig vekk kvinnfolk som var temaet og grunnen til slåssinga."Kampeseterdonan" fekk mykje å seie for musikkmiljøet og overlevering av slåttar. Spel menn møttest frå mange plassar, dei spelte saman og lærte leiker av kvarandre. Marie Øien, dotter til Ola, fortalte at Ola lærte leikar svært fort. Og han tykte at Ringnesin (Ola f. 1811) var den beste han visste om.

Ola Kampen var den mest brukte spelemannen i Ottadalen mellom 1890 og 1914. Det var sagt at ingen hadde spelt så mykje i alle bygdene etter "om Fel-Jakop". Da brukte han fela åt brurmarsjen og åt springleikom, men ellers brukte han einraderspelet. Mange sa at det vart ei låk tid for fela og felespel menn medan Kampen dreiv på. Siste einraderen fekk han hjå gamle Anton Storvik da han flytta frå Tyskland attende åt Storvikgrenda. Ola Kampen lærde mange leikje av Spelmann-Vetlsæter

(Ivar Lillesæter) og Anders Lunna. Og medan han arbeidde i Bessheim lærde han leikje av ein tyskar som var der år etter år. Kampen kunne over 200 skotsker som han hadde lært av engelskmennene som var på tur i Jotunheimen. Lange kveldar kunne han sitte å spela berre skotsker til langt på natta, til turistene vart leie. I seinare tid har desse vorte til ”skotsk etter Kampen”. Han laga sine egne former på dei, men reiser du nedover i Europa finn du altså originalane.

Ein gong var det to godt kjente folk av Kampen som ville ha han med seg på ein liten fest i hytta deira. Kampen skulle absolutt ta med seg einradaren så dei fekk litt musikk. Det vart skotsker heile kvelden, så kompisane vart så lei det at dei var glade da han endeleg gjekk frå hytta att.

Kampen var ein einar på einradar og durspel i nord-dalen. Han sa sjølv at han aldri hadde laga ein leik. Det meiner mange han har gjort, men og at han har fått æra av å laga leikjer som han har lært av andre. Vi veit at det ikkje er Kampen som har laga alle ”Kampe-leikjen”. Mange av dei har Kampen lært sjølv og gjeve ei eiga form. Det var sjølvaste Ivar Lillesæter som lærde opp Ola Kampen. Dette var han svært stolt av.

Ola var veldig glad i å lesa bøker når han var heime. Han og Anders Aasheim gjekk og lånte bøker av kvarandre. Bøkene handla mykje om jakt og fiske, fjell-liv og musikk. Han likte veldig godt livet i fjellet, både med jakt og fiske. Han jakta helst rupe og rein. Storfugl fanga han ofte når det skulle vera stormiddag heime.

Ola Kampen var veldig stolt og skrytte veldig av at han var søskenbarn til Knut Hamsun, som alt da var ein kjend forfattar. Dette prata Ola mykje om heilt til 1940, da det kom fram at Hamsun var nazist og var inne hos Hitler under krigen.

Ola Kampen var ein kar som ikkje var redd for å ta i eit tak, han var ute i all slags vær og vind, og han tok seg alltid heilt ut når han dreiv med noko arbeid. Han var ein voldsom arbeids-slitar. Tida gjekk fort, og ein dag i 1945 fekk han kreft i magen. Han vart svært sjuk og doktoren ville sende han til Lillehammer på sjukehuset. Men sjukebilar var det lite av. Det einaste som kunne få han nedover var godstoget. Det vart ei lang reise nedover dalen liggjande på golvnet i ei vogn på det toget. Han kom til

Lillehammer med store smerter, men vart berre sendt heim utan at dei klarte å hjelpe han. Ikkje lenge etter døde han heime i gammelstugun i Pålstugu i Storviksroa, den 16.12.1945.

Avslutning

Sjølv om eg vart litt motlaus i starten av arbeidet mitt da det var så vanskelig å finne stoff, syns eg det vart lærerikt og artig å arbeide med oppgava. Særleg har det vore interessant å lære meire om Ola Kampen som eg kan så mange leiker etter, på toraderen. Å få innblikk i korleis dei levde og streva for å greie seg, er utruleg interessant. Rart å tenkje på at det er berre godt og vel femti år sidan, ein skulle tru det var mykje lenger attende i tid.

Å setja seg inn i korleis trekkspellet har utvikla seg gjennom tidene, var og interessant. Det er alltid artig å få vite meir om slikt ein veit litt om, og få greie på noko av historia bak.

Det var bra at vi hadde såpass god tid på oss da vi skulle skrive ei slik oppgave, fordi det tek litt tid å samle stoff og bearbeide det. Dei fotografia og papira eg fekk låne, var sjølvstakt gamle og kopiane av dei vart deretter. Men eg tykte det var artig å ta dei med likevel for å vise korleis det var.

Fleire av dei som har hjelpt meg, har ytra ynskje om å lesa oppgåva når ho vart ferdig. Det skal dei sjølvstakt få lov til.

Kjelder eg har brukt:

Dagar som aldri kjem att, av Kari og Steinar Storvik.

"og så spelte o Guri" Ei spelmannsoge, spelmenn, spel og dans i Ottadalen av Erling og Jarnfrid Kjøk.

Einraderen i norsk folkemusikk av Jon Faukstad.

Samtale med Odd Engen, Tessand. (O. Kampen var oldefar hans). Eg fekk låne div. gamle foto og skriv av han.

Samtale med Ola Grøslund. Han har og mykje musikk.

Internettside laga av Martin Paulsen.

To rim etter Ole Andersen Sandbu

- Av Harald Sve Bjørndal

Ole Andersen Sandbu, brukeren på nigard sør Sandbu, var en kjent skikkelse i Vågå. Ole Andersen hadde en spesielt god replikk og var en god rimsmed. Han døde i 1909, men historiene om han lever i beste velgående her i grenda og utover bygda. Flere av historiene har stått på trykk, mens andre lever videre som muntlige overføringer. Her er to historier som jeg har etter Steinar J. Sandbu, bror til bestemor, som vokste opp på nabogården nordgard Sandbu.



*Ole Andersen Sandbu.
Foto frå album Norddalsarkivet.*

En gang kom en fra ligningsnemda og skulle ha oppgave over besetningen hos Ole Anderssen Sandbu, som svarte på følgende måte:

4 hester og 2 skut, 17 kuer og en stut,
18 småfe hvorav det halve, med rette bør bære navnet kalve.
25 gjeter og 8 killinger, 25 sauer og 18 stillinger.
2 griser, 3 sugger og en galte, den siste har tatt på betydelig at halte,
så for at finde en passende pris bør denne settes i klasse med en gris.
10 høns jeg har i mit fårehus, 1 hund, 3 katter, men ingen mus.

En annen gang ba et maskinfirma om uttale angående en slåmaskin som Ole Anderssen Sandbu hadde kjøpt. Ole Anderssen ga følgende attest:

Slåmaskinen som jeg av dem kjøpte, hvis dele i Amerika er støpte.
"Mildwalkie" nevnes dette apparat, som jeg har funnet strakse er parat,
til på det minste vink av meg og Blakken, at feie gresset vek av bakken.
Lett at håndtere, likeså å trekke, på alle punkte vanskelig at brekke.
Graset slår den selv på mindre jevnt terreng,
så den meg synes vilde være altfor streng
som ikke med en sådan var tilfreds, men kjøpte seg maskine andensteds.
Dens fortrinn kan man sikkert stole på, så synes jeg, og Blakken ligeså.

Denne slåmaskina skal vera den fyrste i Vågå, og er nå i samlinga av gammel landbruksreidskap som står på låven i Prestgarden. Etter nigard Sandbu kom maskina til Øien i Holongsøien. (red.)

På flukt mot friheten

- Av Reidar Lonbakken: *Skrevet ned i desember 2004. Opplysninger er hentet fra familiene til de som tok seg av flyktingene, men også fra andre.*

Dette som her skal fortelles, hendte på ettersommeren i 1943. Krigen raste på sitt verste. I landet var det mangel på alt; mat, klær, sko og mye annet. Folk ble kastet i fengsel. Mange kom aldri tilbake.

Høgt oppe på solsida på Lalm ligger bruket Kleiven, det nærmeste stedet mot Tolstadåsen ved veien som går over til Nord Sel. Den gangen var det en dårlig kjerrevei, og det var ikke hver dag noen som ferdes der. Dette var i august, og brukeren på Kleiven, Johannes, drev på med noe slått inne på Tjorsæteren som hørte til bruket.

Kona Olga skulle komme inn til han med mat denne dagen, og skulle også gi en hjelpende hånd med arbeidet. Nå hadde ho nettopp vinket adjø til de to små barna Ragnhild og Jakob. Trøstig la ho i vei. På armen bar ho ei korg med mat. Det var ikke store utvalget ho hadde med, men det var da brød, ost, litt smør og mjølk.

Været var så vakkert denne dagen, med sol og helt vindstille. Turen ville ta ca. en time. Men Olga var ung og sterk, så dette skulle gå fort. Hjemme var ho trygg for ungane. Der hadde ho sikker ”bånfost” av svigerforeldrene Rønnaug og Jakob. Her inne på åsen anget alt av fred og ro. Litt fra veien såg ho at blåbæra var modnet. En dag måtte det bli bærtur. Et bask av sterke vinger braut brått stilla da en tiur lettet. Han hadde nok smakt på blåbæra.

Snart kom ho til Varpmyra, og da hadde ho gjort unna halvveien. Plutselig bråstoppa ho og kjende redsla slå ned... mest som hjerta gjorde et ekstra hopp. For bak eit stort einerkjerr reiste det seg en lang, mager kar i en stygg, sid frakk, fillete, slitte sko, skjeggete og fæl å sjå på. På hodet satt en båtlue, og rundt leppene og på hendene var han helt blå. Det var tydeleg at han hadde ete blåbær. ”Ruskij, mat” sa han og pekte på korgen, og på munnen sin. Olga satte korgen frå seg. Da snudde mannen seg, ropte og vinket; og fra lenger inne i skogen kom det to mann til. Den ene mannen, en ung gutt i tyveårene, snakket litt norsk og bad henne om å ikke være redd. Han forklarte at dei var russiske krigsfanger som hadde rømt fra Årdal, og skulle prøve å komme seg til Sverige. De spurte hvor Sel var.

Olga hadde roet seg litt, men var fremdeles noe engstelig. Ho forsøkte å forklare ærendet sitt, men det var nok vanskeleg å forstå. Rømlingene fekk mat frå korga, og det var tydelig at de var svoltne. Da ho fortsatte, gjorde ho tegn til at de skulle følge etter, og det gjorde de ved å gå ved siden av veien litt inne i skogen. Snart såg ho mot setra der mannen drev nede på kvea. Men russerne var borte. Kunne de ha fortsatt mot Sel?

Johannes skjønnte at noe ekstra var på ferde da ho nådde fram, og han ble betenkt da han hørte om møtet inne på åsen. De gikk inn i selet. Med ett knakket det på døra, og inn kom russerne. Det var en vanskelig situasjon disse to var kommet opp i, men russerne ble selvfølgelig bedt om å ta plass ved bordet, og det ble et måltid de satte pris på. Den yngste av dem hadde som nevnt lært litt norsk, og kunne fortelle at den eldste var over seksti år, og han selv var noen og tjuge. De hadde rømt fra Årdal og vandret i mange døgn, men hvordan de hadde fått tak i mat eller fått hjelp sa de ikke noe om. Men her inne kunne de ikke sitte. Johannes forklarte med fingerspråk og tale at på lyse dagen kunne de ikke passere dalen. De måtte gjemme seg til det ble mørkt.

På sætra var det en liten låve med litt høy i. Her fekk de beskjed om å være, og kom det noen, skulle de grave seg ned i høyet. Da Johannes gikk tilbake til selet stod plutselig tyskernes plakater med ett tydelig for ham: "Skutt blir den som samarbeider med deres fiender eller hjelper rømte krigsfanger".

I mellomtida hadde Olga vendt heim for å hente mer mat til flyktingene. Bror til Johannes, Paul, la en del mat og noen klær i en ryggsekk og dro til sætra. Likeså hadde han med et kart som omfattet Rondane, Østerdalen og videre helt til grensen mot Sverige. Og på dette hadde han strekt opp en rute de kunne følge. Johannes hadde sett om flyktingene og prøvde å forklare at han skulle hente veiviser til dem. Han skulle gjerne ha fulgt dem videre, men var usikker på hvor den tryggeste veien var. Men han hadde en kjenning, en kar han visste en kunne stole på, og som bodde et stykke oppe i bygda. På kveldssida tok han en tur bort til han.

Hans Ruste (Pettersen) ble mannen som påtok seg jobben. Det var ingen betenkeligheter eller nei i hans munn da Johannes la frem ærendet sitt. Ingen nevnte tyskernes plakater, her sto det om liv. Og ved midnatt ble flyktingene fulgt til Hans. De gjemte seg et stykke fra huset, og Johannes

gikk inn. Senere fortalte Johannes at han aldri kunne glemme det faste håndtrykket og varmen i øynene til de tre russerne da de skiltes. Og med et inderlig ønske om at disse tre måtte nå Sverige, så han de ble borte i mørket.

På Nord Sel var det forlagt en liten tysk avdeling. De holdt vakt ved broen over Lågen. Likeså var det vakt oppe i Rosten der det var både bru, bunkere og tunneler.

Hans fulgte vestsiden av Lågen i god avstand fra tyskerne i retning mot Brennhaug som det het den gang. Det er usikkert hvor de krysset elva, men ett er sikkert at de gikk opp Høvringslia og kom inn på fjellet. Det er vanskelig å få visst sikkert om alle detaljer da de som hjalp dem, etter at Olga traff flyktningene, er borte for lenge siden.

I Rondvassbu var betjeningen ferdig med morgenstellet, gjestene var gått og nå tok de seg en liten pause. Det var bestyrerinnen Ragnhild Ekren, Ingrid Ekren, Lovise Hønsvik (?) og Håkon Rusten. Et par andre hadde fri, og var ikke tilstede denne dagen. Da, med ett går døren opp og inn kommer en mager og ustelt mann, i sid frakk og så blaut at det rann av han. Ragnhild ante nok hva de hadde fått besøk av, og ble med ut. Hit var russerne kommet i løpet av natta og hadde lagt seg i båtnaustet inne ved fremre Illmann tjønn, noen minutters gange lenger øst. De var gjennomblaute og de skarve klærne deres måtte tørkes. Mat kom på bordet og særlig havresuppen smakte godt. De drog til naustet igjen og holdt seg rolig inne, og mat ble brakt til dem senere på dagen. Tidlig neste morgen var de borte. Betjeningen ble enige om å ikke si et ord om dette til noen så lenge krigen varte, og det løftet holdt de.

Ingrid Ekren er nå 77 år, men i fin form, klår i minnet og forteller i detaljer om denne hendelsen inne i Rondvassbu hin seinsommerdag for over 60 år siden. "Så klårt står det for meg enda at det er som det hende i går" seier ho.

Allerede dagen etter kom en tysk patrulje til Rondvassbu og spurte om de hadde sett noe mistenkelig. De leitte stadig etter motstandsfolk og rømlinger som fartet i skog og fjell. Men nei, alle satte opp et troskyldig blikk og kunne ikke forstå noe. Ingen hadde sett noe mistenkelig. Men solda-

tene gikk grundig til verks og foretok husundersøkelser uten å finne noe. Etterpå da Ragnhild kom på rommet sitt var gulluret hennes borte.

De som hadde vært med på dette, gikk i spenning i flere uker. Ble rømlingene tatt, ville de under tortur trolig ha røpet sine hjelpere, og da ville Gestapo snart komme. Bare få kunne motstå en behandling av dem. Om natten kunne de lange stunder ligge vakne og lytte ut i mørket. De hadde tatt en meget risikofylt avgjørelse, men etter som ukene gikk og ingenting skjedde, slappet de mer av.

Gjennom de undersøkelsene som er gjort om de tre russerne ble tatt noe sted langs den oppmerkede ruten, er ikke blitt bekreftet. Hadde de skrevet opp sine navn og adresser, kunne det kanskje lykkes og fått kontakt etter krigen. Men ingen av de som hjalp dem hadde tenkt på dette.

Snart ringte fredsklokkene over landet. Ingen får noen gang vite om disse flyktningene nådde frem til Sverige og fikk oppleve freden. Kan hende de forsvant som mange av sine landsmenn. Og kom de heim, kunne de havne i leirer i Sibir, eller de ble henrettet av sine egne. Stalin betraktet de som var tatt til fange som feige landssvikere.

Østlandske stenexport

- Av Hildegunn Killi (*frå særøppgåve på Vågå ungdomsskule 1979*)

I 1912 vart det danna eit selskap "A.S. Norway Talcmill". Selskapet kjøpte mindre klebersteinsforekomstar i Fykkesund og Strandebarum i Hardanger, og ein talkumforekomst i Bokken i Rogaland. Seinare fatta dei interesse for klebersteinsforekomstane på gardane Bårstad i Vågå.

Johannes Andersen vart ansett som representant i Vågå. Han fekk mange kontraktar med grunneigarane om kjøp av jordstykker og rett til å utnytte klebersteinsforekomstane på Bårstadgardane og mindre bruk omkring. Her har ein i gamal tid teke ut kleberstein til bruk av gryter, baksthyllar o. l.

Ein liten kleberverkstad for framstilling av foringsstein til sodasmelteomnar i sulfat- og celluloseindustrien var bygd i 1912 og var i drift til den fyrste verdskrig braut laus i 1914. Arbeidet byrja att utpå hausten same år, og det vart bygd ei primitivt utstyrt talkummølle i samanheng med verkstaden og der vart det produsert eit sterkt jarnholdig talkumprodukt.

Dette anlegget brann ned i juli 1915, og Johannes Andersen overtok da alle A.S. Norway Talcmill's eigedomar og rettigheitlar i Vågå og A.S. Østlandske Stenexport vart danna den 2.11.1915.

Kva er så kleberstein?

Klebersteinen opptrer i gangar eller lag i fjellet og laget kan vera frå nokre få centimeter til ca. 20 meter tjukt. Geologane meiner at klebersteinen vart danna i samanheng med den Kaledonske fjellkjedefoldinga i "Kambro-Silur-tida", som varte frå ca. 500 millionar år til ca. 300 millionar år sidan. Samtidig med at Jotunheimen, Dovrefjell og Rondane vart danna strøynte det òg ut ein del olivinlava frå jordas indre. Denne olivinsteinene vart så omvandla til serpentin, og serpentinen vart til slutt omvandla til kleberstein. Ein har fleire stader her omkring funne fossilar i klebersteinen som kan tidfestas til "Silur-tida" for ca. 300 millionar år sidan.

Klebersteinen blir brukt som benemning på blaute bergartar som i hovudsaken består av talk og kloritt, men med skiftande mineralinnhald ved sidan av f. eks. kalkspatt, magnesitt, magnetitt, svovelkis, kvarts.

Klebersteinen i områda Vågå – Lalm – Sel – Otta kallast talkkleberstein fordi han inneheld svært mykje talk. Dette gjer at han kan brukast som råstoff til fleire produkt. Talkklebersteinen er så mjuk at han kan skjærast i med kniv, sagast og dreiaast. Det er dette som er årsaken til dei fyrste utnyttingane av steinen. Han vart brukt til ulike slag kar, til vevsteiner, garnsøkker, gravurner o. l.

Frå stein til mjøl.

Gruvedrifta byrja med at dei dreiv ein tunel eller ein stoll som det kallast innover i fjellet langs klebersteingangen. Frå denne stollen vart det så drive tunelar oppover i fjellet, dette kallast stigorter. Frå desse stigortene borar og sprengjer ein klebersteinen laus og steinen ramalar gjennom stigorta. Der stigorta kjem ned i stollen er det bygd ei lastekasse der steinen samlast opp. Frå denne lastekassa vert så steinen tappa ned i vogner (vaggar). Det er eit lite lokomotiv som dreg vognene ut til gruva.

Steinen blir så tippa ned i ei steinrenne som samtidig verkar som ein lagringssilo. I enden på denne siloen er det eit matebånd der ein kan regulere steinmengda som går inn på grovknusaren. Når steinen er knust slik at den går gjennom ein sikteduk med 5 mm. kvadratiske maskeopningar, blir den tørka i ein stor trommel. Frå tørketrommelen går massa vidare til nye knusemaskinar. Etter utsikting av denne massa får ein det grovaste ferdigproduktet, grovkorn og mellomkorn.

Ein del av massa går vidare til nye knusemaskinar og frå desse til siktemaskinar der det finaste produktet, finmjøl, blir utskilt. Maskeopningane på den sikteduken som her blir brukt er 75/1000 mm. Den siste knusingsmaskina er ei kulemølle. Sluttprodukta blir sendt til forbrukarane anten i sekker på 25 kg. og 50 kg., i storesekker på ca. 1000 kg., eller i bulker (store tankar).

Taubana.

Til å begynne med vart mjølet frakta med taubane frå talkummølla på Bårstad og over til Sel. Det var den snaraste vegen til ein jernbanestasjon. Taubana vart bygd av AS G.Hartman frå Oslo, men konstruktørane var tyske. Taubana kom i drift i 1918 og det hadde kosta 1 mill. å byggje taubana, som den gong var frykteleg mykje.

I rett linje er taubana 7,5 km. lang. Det høgste punktet ligg på Tolstad-kampen og det er 1005 m.o.h., og det lavaste er på Nord-Sel som ligg 312 m.o.h. På Sel st. vart talkumet lagra opp i store stablar i eit lagerhus og det vart frakta over 8,4 tonn pr. time det vil seia ca. 60 tonn på ein dag. Taubana vart drive av ein elektrisk motor på ca. 80 hk., men ho vart nesten sjølvtrekt. Når det kom fullasta kibbar og sette utover frå Kampen så drog dei dei tome kibbane på veg tilbake.

Eg hadde eit intervju med Ola Reiremo som har vore banevoktar i mange år.
- *Kvifor tok AS G.Hartman på seg bygningsprosjektet?* - Kanskje mykje på grunn av reklamen, det var høgt og bratt og vanskeleg terreng, men etterpå gjekk dei visst konkurs.

- *Kor mange var dei?* - Eg har høyrte det skulle vore så frykteleg mange av dei, borti ein førti mann pluss hestar.

- *Korleis frakta dei materiala?* - Å du veit det var vanskeleg å frakte kablane og mastemateriala. Det var ikkje alle plassar ein kunne bruke hesten ein gong og da var det berre til å dra alt oppover der sjølv og det kunne bli lite av eit slit.

- *Vart det frakta anna enn mjøl med ho?* - Å ja det vart sendt mykje au med den, penger, varer, materiell, lønninger frå banken på Otta og brennevin. Han forsikra meg om at brennevinet sjølvstakt ikkje var til bedrifta. Han fortalde og at han sjølv hadde køyrt med ho, men at det ikkje var lov.

- *Kva var største ulempene og fordelane med taubana?* - Når det var stygt ver kunne det hende at vognene bles i hop, kablane kunne ryke slik at kibbane datt av, og mastane kunne bli nedslitne. Det var farleg i torever, da fekk ein ström av ho og ho måtte rett og slett berre stoppast. Fordelane var vel at ein ikkje var avhengig av veg.

- *Kor høg var den høgste masta?* - Den høgste masta var på 31 meter og står på Kampen – sør. Ho måtte vera så høg for at ein skulle få stort nok spenn og fordi at det ikkje skulle bli så bratt. Når ein skulle klive opp i masta var det berre nokre lause jernkrokar å klive opp på, dei var ofte så lause at ein kunne trekke dei ut med berre hendene. Han fortalde meg òg at det lengste spennet mellomto master var på 1200 meter og at ho gjekk heile 110 meter over bakken ein stad.

- *Kor ofte måtte dykk sjå etter taubana?* - 1 – 2 gonger i veka.

- *Korleis likte du jobben?* - Jau, OK, du veit ein heldt seg i fin form.

Om vinteren gjekk eg på ski og om sommaren på føtene.

Til slutt spurde eg om han hadde ei historie på lager frå den tida.

- Jau det var nå ein som skulle ha ei pakke med brennevin og ho vart sendt siste dagen før påske. Han som køyrde bana visste ikkje om dette og stoppa bana. Og så var det eg som fekk til oppdrag å finne vogna der pakka var. Eg måtte klatre opp i mastene og klive bortover kablane for å få tak i ho, og til slutt greidde eg det da også.

Produktet

Det mest finknuste produktet heiter "Talkum 0000" og blir brukd som fyllstoff og tilsetjingsstoff i mange industriprodukt og dei viktigaste er: kitt og sparkelmasse, i produksjonen av papir og kartong, i pulverforma insektmiddel, i kunstgjødsel, i produksjonen av bildekk og andre gummi-varer (mindre no enn før). I seinare tid har ein og prøvd med talkum i jordbruket, fordi talkum inneheld enkelte "sporelementer" som er verdifulle for jorda. I dag blir det produsert ca. 9000 tonn pr. år av talkum 0000.

Dei grovare produkta brukar ein berre i takpapp for å gjera han ekstra slitesterk. Av slike grovare produkt som blir selt til takpappfabrikkane, blir det laga ca. 3000 tonn til ca. 4000 tonn pr. år.

Av talkumet som blir produsert på Bårstad blir berre ca. 5 % solgt i Norge, medan 95 % eksporterast til andre land. Salget til dei forskjellige land fordeler seg om lag slik: Sverige kjøper om lag 25 % av det som blir laga, Tyskland, 25 %, Holland og Belgia tilsaman 25 %, Danmark 8 %, Israel og Indonesia tilsaman 5 %, England 5 %, Frankrike 2 % og Norge 5 %.

Gruvene m.m.

Når ein tek med steinen som ikkje kunne utnyttast som talkum, men som ein måtte bryte ut for å nå fram til andre klebersteinsgangar, er det sprengd ut ca. 1,5 mill. tonn frå gruvene på Bårstad. Drifta har gått føre seg i tre gruver som er skilt frå kvarandre. Drifta tok til i Gamlegruva lengst i nord-vest, litt lenger mot sydaust ligg Sørstollen og lengst i sør ligg Nystugruva. Alle gruvene går innover i fjellet i austleg retning ca. 300 meter innover. Når ein kjem lengst inn i gruvene er høgda mellom botnen og opp i dagen ca. 120 – 150 meter. Steinen vart brote frå stollen og oppover gjennom klebersteinslaget til dei kom opp i dagen.

Klebersteinsgangane går òg nedover i fjellet, men det som ligg under stollen blir det for dyrt å ta ut. Fram til 1970 vart all klebersteinen sprengd ut

under jord, men i nyare tid har ein òg brote ut steinen i opne dag-brudd fordi dette vert lettare og billegare.

Ved sidan av å eige gruvene og mølla på Bårstad, eigde dei òg 50% av Eidefossen kraftanlegg (Vågå kommune eigde den andre halvparten). Østlandske Stenexport var medeigar i kraftanlegget fram til 1970-åra da dei selde sin halvpart til Vågå kommune.

Østlandske Stenexport hadde òg ein smelteverkstad for støypejern, verkstaden låg midt i Otta sentrum. Smelteverkstaden skulle lage støypejern av dei små mengdene av jernmalm (magnetitt) som dei rensa ut av talkumet på Bårstad og i tillegg skulle dei bruke skrapjern. Drifta i dette smelteverket var svært misslykka og måtte leggest ned etter 3 – 4 års drift. Den elektriske krafta til denne smelteverkstaden kom òg frå Eidefoss kraftstasjon.



Arthur Bråten i tunnel på Bårstad ca. 1955. Utlån Reidunn Snerle.

Sagflaten

Eg spente på meg skiene og gjekk over Åsen til Sel for å få eit intervju med Ragnar Fredheim. Han har arbeidd på Sagflaten ein mannsalder.

- *Kven starta drifta her?* - Det var vel Galdert som dreiv her fyrst slik i 1910, Østlandske kom seinare.

- *Kva var hovudproduktet her da?* - Dei tok i hovudsaken ut ildfaststein til sodaomn i papirindustrien. Han legg til at det er mange hus på Sel og på Otta som inneheld kleber, sjølv om ein ikkje ser det så godt.

- *Korleis har reidskapane utvikla seg?* - I byrjinga brukte dei sjølvsmidde spetto og høgde klebersteinen ut med hendene, maskinar kom fyrst i 1923-24, og det var luftpressmaskinar.

- *Korleis frakta dei steinen?* - Dei hadde store tunge vogner som vart dregne av hestar. På vognene var det bremsar og dei brukte vognene både til steinfraktinga frå berget og fraktinga til jernbanestasjonen. Jernbana kom vel i 1913.

- *Kor mange arbeidarar var dykk?* - Det var ymse det. Eg hugsar sommaren 1937 da var det 101 stykker og det er vel det meste som har vore. Da var det mange lag og da handsaga dei steinen. Når det kom strøm i 1921 vart det motorisert og det kom ramesag, kappsag og sirkelsag.

- *Korleis var det med løna?* - Løna var i 1926 1 kr 10 øre timen, eg hadde 70 øre, men ho gjekk gradvis ned. Han legg til med eit smil at ein kunne få bra med sukkertøy for 10 øre den gongen. Han fortalde vidare at time-løna i 1930 – 38 heldt seg på 80 øre og at under krigen var toppløna på 1 kr 25 øre.

- *Kor stor var produksjonen?* - På eit år var det maksimum 1100 kubikk, men det varierte kraftig.

- *Skjedde det mange ulykker?* - Det var få ulykker, eg veit om berre ei dødsulykke og det var i Nyseterberget for lenge sidan. Det var ein som var att nede i berget og skulle høgge frå seg, dei andre hadde gått opp og stod på kanten da døm såg det rasa på han. Dei fekk han sjølv sagt fram att, men det var for seint. Dette hende vel i 1924, ellers var det berre nokon som klemte ein finger att nå og da.

- *Var det hardt arbeid?* - Ja det var det nok, men du veit det var harde folk.

- Kan du nemne forskjellige ting som har endra seg sidan du var der?

- Nå det er søren ikkje mykje det. Sirkelsag og slipemaskiner, ellers går maskinane som dei har gått i 20 år.

- *Har peissalget vore stabilt gjennom tidene?* - Ja det har vore det etter krigen, før krigen vart det ikkje seld så mykje.

Til slutt spurde eg om det har vore laga nokre større produkt her og da ramsa han opp slik som døypefontar, gravstøtter o.l.

Produkta på Sagflaten

Sagflaten ligg på austsida av Tolstadåsen, ute på kanten av lia ned til Nord-Sel. Her blir steinane saga ut av fjellet i store blokker på ca. ein halv til ein heil kubikkmeter. Blokkene blir så køyrde inn på sagverkstaden der dei blir sagde opp i mindre plater og stykker som til slutt blir til emner for dei produkta som blir laga her. Produkta som blir laga på Sagflaten kan delast inn i to grupper:

1. Ildfast stein. Klebersteinen tåler svært høg varme og smeltar ikkje før

ved ca. 1700 grader Celsius. Den er òg svært motstandsdyktig mot kjemisk påverking. Denne steinen blir derfor brukt ein del som ildfast foringsstein i ein bestemt type smelteomnar. Det blir i alt produsert ca. 500 tonn i året av ildfaststein. Det meste av steinen blir selt til Spania, men det blir òg levert ein del til Frankrike, Tyskland og England.

2. Peisar og omnar. Klebersteinen er eit svært fint materiale til å lage peisar og omnar av, fordi den som sagt er ildfast og tåler høg temperatur, den er mjuk og lett å arbeide med og folk flest tykkjer også at den er pen å sjå på. Etterspørselen etter peisar og omnar i kleberstein er nå så stor at ein får selt alt det som blir laga her. Det blir òg laga ein del gravstøtter i kleberstein. Peisar, omnar og gravstøtter blir for det meste selt i Norge, men det har òg vorte eksportert nokre få omnar til Tyskland og Holland det siste året.

Det å lage peisar og omnar kan vera både interessant og krevjande arbeid. For det fyrste skal dei konstruerast slik at dei må halde dei tekniske måla. Det krev derfor at dei som driv med dette har både god øvelse, god innsikt og interesse for dette yrket.

Bedrifta og lokalsamfunnet.

Østlandske Stenexport har betydd mykje for bygda og da særleg for Lalm. Det har vore ein sikker arbeidsplass og mange har òg hatt sesongarbeid her. Totalt ansatte i kleberindustrien på Bårstad og Sagflaten samt på kontoret på Otta, blir ca. 35-40 personar.

Lalm musikkforening vart starta på Bårstad like før krigen, og Bårstad vart såleis samlingsstaden 17. mai. Da marsjerte dei heile klebervegen.

Østlandske Stenexport har som så mange andre bedrifter i dei siste åra hatt problemar med å bli kvitt produkta sine, da fyrst og fremst klebermjølet. Difor har det nå i det siste gått med tre dagers veke, men det er å håpe at forholda blir bedre slik at bedrifta kan halde fram i mange år.

Dei som tidlegare eigde aksjane i A.S. Østlandske Stenexport var dei to bankane Christiania Bank og Kreditkasse og Den Norske Creditbank. I 1978 gjorde styra i dei to bankane vedtak om at dei ville selge aksjane i A.S. Østlandske Stenexport, og dei undersøkte difor om det kunne vera

andre firmaer som var interesserte i å kjøpe aksjane. Etter forhandlingar i 1979, vart dei enige om at A.S. Østlandske Stenexport skulle selge alle sine driftsmidler, eigedomar og rettigheitar til firmaet A.S. Granit. Denne avtalen trådte i kraft 1. januar 1980.

Eg er sjølv født og oppvaks på Bårstad og har mange artige minner opp gjennom tidene. Da eg var mindre fekk eg vera med å køyre med toget frå gruva og desse to karane som køyrde toget var fæle til å erte meg, eg visste aldri kven som var Ola og kven som var Johan, men den eine tygde snus og han var alltid brun rundt munnen og på den måten kjente eg dei frå kvarandre. Eg var òg med både på mølla og på verkstaden. Stor stas var det å få vera med på spisebrakkka i kvilepausene for da fekk eg støtt både in kaffetår og nokre sukkerbitar. Eg vart godt kjend med arbeidsfolka her og følte meg nok svært vaksen saman med dei.

Eg synest det har vore ein triveleg plass å bu på, fritt og godt sjølv om kleberstøvet til sine tider har vore generande. Eg likar ikkje tanken på at eg til sommarene skal flytte frå Bårstad og inn i eit byggefelt.

Kjelder:

Ei oversikt over A.S Østlandske Stenexports verksamheit ved R. Norman.

Ragnar Fredheim

Ola Reiremo

Paul Rødal

Sverre Killi

Landets sprog

Knut Hamsun hadde i Verdens Gang i 1910 (kopi frå Nasjonalbiblioteket) ein avisdiskusjon med Jørgen Løvland, kjend som sentral politiskar i 1905 og seinare formann i Noregs Mållag. Hamsun skriv mellom anna:

Næste Gang Hr. Jørgen Løvland gir Prøver paa norsk Talesprog er det ikke værdt for ham at gjøre Dølevisen verre end den er – selv om Seip og andre har gjort det før ham. Jeg har ikke nogen av Storms Utgaver for Haanden, men jeg har Vagvers-maalet midt i Hjærtet – hva ikke engang Storm altid hadde.

Det heter ikke: Os ha gjort kva gjeras skulle, det maa være Vestlandsnormal. Der er ikke en Sjæl paa Vaagaa eller i hele Gudbrandsdalen som bruker det "Talemaal". Det heter: Os ha gjort kaa gjerrast skulde.

Det heter altsaa skulde i Fortid baade paa Norsk, paa Riksmaal og paa Dansk. Men paa "Norsk" sier Løvland at det heter skulde. Det gjælder at faa Norsk endda mer ulikt Dansk end det er: her kan man se, "det har intet med Dannelse at gjøre, bare med Nationalitet".

..... Det ene Ord er akkurat like saa godt som det andet for ham naar det bare er et Norsk utenfor Riksmaalet. Naar da Tyskeren Sauerwein sat og diktet norske Viser saa var han mer norsk end for Eksempel jeg er her. Jeg mener derimot at Sauerwein rigtignok brukte norske Ord, og da han vidste hva som var sagt i 74 og mer til saa brukte han dem ikke uriktig. Men han frembragte bare ikke norsk Sprog. Og hans Diktning har intet med Diktning at gjøre. Se, dette kunde alle Diktere paa Normalen gjerne tænke litt over, for de er i nøiaktig samme Stilling som Sauerwein: de skal lage i hop Sprog av "norske" Ord.

..... Jeg hører ikke til dem som mener at Riksmaalet enda er saa norsk som det burde være og som det vil bli. Men jeg hører til dem som mener at vi ikke faar gjøre os hjelpeløse, vi faar holde paa Landets Sprog, for vi har ikke noget andet. Og Fornorskningen av vort Sprog toner og trompeter sig frem, jeg ser Mon paa den i Julelitteraturen for hvert Aar. Trods Hylet fra alle vore skrivende og talende Sauerweiner og hele Hurven av vor Maalmug.

Skultbakken

- Av Knut Raastad

I 1873 - 1874 vart det bygd veg frå Kvitlandet til Fluguhaugen som fyrste del av setervegen til Sjødalen, traseen vart da ved Synnesonstugu utanfor Skultbakken. Men den gamle vegen eller stigen til Synsligrenda og fjellet gjekk truleg gjennom garden i Skultbakken, frå nedantil steig han opp like etter der røyrgata nå passerer riksvegen. Like forbi Skultbakken låg bruket Veien eller "Iveien" eller "Attiveien", tomte etter stugu er like bortanfor fjoset i Skultbakken. Namnet kom av at dette låg kloss inntil vegen. Den gamle vatningsveita frå Grova og nedover i grenda går like opp for gjerdet i Skultbakken, delvis står det nå hus oppå.

Vi finn ikkje at nokon har tyda namnet Skultbakken, søk på nettsider til Universitetet i Oslo viser innsamla ord skult og skulta frå mange plassar i Norge som viser ulike tydingar, nynorskordboka gjev også fleire val. Skuls, altså gjera opp seg i mellom, fri for krav er ei tyding. Skolt som skalle eller lite rundt berg, rund knatt, knaus er ei anna tyding. Frå fjellet har vi skulen, for eksempel Svartskulen, som tyder bratt bergknaus, frå Trøndelag har namnet Skollen vore forsøkt tolka som skard, fjellskard. Ei anna tyding er å skumpe til nokon eller riste. Gjer ein oppslag på skutle i nynorskordboka finn ein tydinga skuve fram eller gli med fart og kraft, "det skusla eller skutla nedover bakken". Lokaluttala av Skultbakken er Skuhl-bakken på same måten som lyden i Vehl-setra. Trond Ole Haug som har skrivi boka "Stadnamn frå Vågå" seier at uttala gjer at han meiner at namnet kjem av det gammalnorske ordet skutla, sjølv om skrivemåten skulle tilseia at namnet kjem av skult eller skulta.. I og med at dette var ein viktig ferdselsveg og at han ved Skultbakken rundar frå Ottadalen og innover til fjellet, vil det vera rimeleg å tru at det kan ha vore etablert eit namn her før det kom busetjing på denne plassen. Namnet kan såleis vera gammalt og ha tilknytning til at her gjekk vegen frå fjellet over i eit bratt parti der det glei med fart og kraft, der lasset skaut på.

I folketellinga 1801 er nemnd under Sønste-lien Ole Pedersen som brukar av rydningsplass. Soldat Ole Pedersen vart 23.5.1788 gift med Marit Jonsdotter, og da andre ungen vart døypt i 1793 er han nemnd som Ole Skultbakken. I og med at plassen er nemnd som rydningsplass, er dette truleg dei som starta i Skultbakken, og da er året om lag 1790. Marit Jonsdotter 1760-1802 var frå Klonesbakken. Det er uklårt kvar

Ole Pedersen 1761-1811 var frå, men dei fleste fadderane da fyrste ungen vart døypt kom frå Nordherad i området rundt Berge. Det er mogleg Ole var han som vart fødd 5.7.1761 og son til ein Peder Larsen, for da var det også fadderar frå same grenda. Jon Storvik er oppført som vitne ved vigselen så det er mogleg han var på Storvik da, dette er truleg nordgard Storvik. Ole og Marit hadde barna:

1. Peder Olsen 1789-1858, neste brukar
2. Kari Olsdotter 1793-1872, gift 1829 med Jon Iversen Ramen (Storvikseie) 1802-1873
3. Jon Olsen 1797-1838, gift med Ingrid Hansdotter Stokstadeie 1796-1877, dei budde på Storviksøygarden.

Både Ole og Marit døydde tidleg, Marit var 42 år i 1802 og Ole 50 år i 1811. Den yngste sonen var berre 5 år da mora døydde, og da faren døydde var han 14 år. Da vart det den eldste Peder som fekk ansvaret, berre 22 år gammal. Fire år seinare, i 1815, vart Peder Olsen Skultbakken 1789-1858 gift med Imbjør Knutsdotter Kleppeie (søre Bergum) 1793-1868. Peder Olsen var skreddar, treskjærar, postberar og smed, og arbeidde i prestgarden.

Peder Olsen og Imbjør Knutsdotter hadde barna:

1. Ole Pedersen 1816-1893
2. Knut Pedersen 1819-1888
3. Peder Pedersen 1825-1907
4. Knut Pedersen d.y. 1826-1868
5. Mari Pedersdotter 1830-1831
6. Knut Pedersen 1832-1832
7. Guri Pedersdotter 1836-

Da Peder Olsen døydde i 1858 er han nemnd som leigending i Skultbakken. Dette viser at Skultbakken da ikkje var husmannsbruk, men bygselbruk i almenninga/sameia. Dei fleste av barna til Peder og Imbjør vart buande i Skultbakken m.a. ved at søre og nordre Skultbakken vart bygd i tillegg til midtre.

Imbjør Knutsdotter Kleppeie er ved dåpen innskripi som dotter til Guri Knutsdotter 1766- og mannen hennar Knut Pedersen Kleppeie 1767-1850, men ho skulle eigentleg vera dotter til Knut Amundsen Skurdal som kom til Svarvarhaugen. Knut Amundsen vart da bestefar til Peder Pedersen Skultbakken 1825-1907, samtidig vart han bestefar til Brit Knutsdotter


Svarvarhaugen som var mor til Ivar Kleiven. Det er fleire historier om at Peder Pedersen Skultbakken gjekk i skreddarlære i Svarvarhaugen og vart forlova med Brit Svarvarhaugen, men på grunn av for nært slektskap nekta foreldra henne å få gifte seg med han.

Etter at Peder Olsen døydde 8.4.1858 overførde enkja Imbjør Knutsdotter plassen Skultbakken til sonen Peder Pedersen, overdraging og føderådavtale er tinglese 9. mars 1859.

Føderaadsbrev.

Vi undertegnede Imbjør Knudsatter Skultbakken, Enke efter afdøde Peder Olsen, med Laugværge Ole Gulbrandsen Rusnæs, vedgaar herved at have overdraget min paaboende Plads Skultbakken, saavel Huse som Jordvei, og for øvrig med samme Ret og Forpligtelser, som jeg selv besidder den til min Søn Peder Pedersen Garmoestræet til sin Eiendom, imod at hand erlægger mig en aarlig Føderaad som efterfølger: 1. Forbinder jeg mig Peder Pedersen at svare til min Moder 5, a fem Voger godt Byg og en Vog god Rug Aarlig samt et Bismerpund Salt. 2. Forbinder jeg mig til at rygte og Føde saavel Vinter som Sommer 4 Smaae Kreaturer, hvoraf 2 af Yngelen skal følge Moderen til Høsten. 3. Forbinder jeg mig til at holde hende varmt Huus paa Pladsen samt røgt og Pleie saavel i sunde som i syge Dage, saalænge hun lever, og skulde jeg ikke finde forgodt at boe paa Pladsen, saa ere vi saaledes forenede, at hun vil opholde sig der, som jeg selv boer, naar hun bliver saa gammel og svag, at hun ikke kan røgte og peie sig selv. At vi saaledes ere blevne forenede bekræfter vi her med vore Hænders Underskrift og i tvende Vidners Overvær. Skultbakken den 11. Mai 1858. Imbjør Knudsatter Skultbakken mfP. Peder Pedersen Garmoestrædet mfP. Som Vidner: Jakob Valde. John Iversen Valde mfP.

Imbjør Knutsdotter er i 1865 nemnd som føderådskone i midtre Skultbakken. Føderådavtala frå 1858 med m.a. bygg i yting viser at det var midtre Skultbakken Peder Pedersen overtok, på søre og nordre Skultbakken var det ikkje sådd åker. Det var heller ikkje dyr på nordre og søre i 1865, og i 1875 var det einast nokre geit på søre. Dette viser at både søre Skultbakken og nordre Skultbakken ikkje var noko jordbruk, men heller berre buplass med ei stugu på kvar plass. Slik ser det ikkje ut til at Skultbakken vart delt mellom brørne, men heller at to av dei har etablert seg med familiar i eigne stugu samtidig som foreldra har drivi plassen.



Kart som viser utskiftinga
av Stranden sameie 1878.
Utlån Kristen Aanstad.

Peder Pedersen 1825-1907 vart 1852 gift med Thorø Olsdotter Garmotrædet, dotter til Ole Pedersen Garmotrædet 1800- og Mari Hansdotter Nyrneshaugen 1799-1862. Dei hadde barna

1. Peder Pedersen 1851-1918, til USA i 1868, gift med Aasne .., Elroy WI i 1882
2. Ole Pedersen 1854-1944, gift med Kristine Larsen
3. Hans Pedersen 1856-1935, gift med Inger Nordahl 1860-, Bø i Vesterålen
4. Knut Pedersen 1859-1952, gift 1898 med Bergljot Bassøe Bech 1873-, skilt 1906 gift andre gong 1909 med Anne Marie Andersen 1881-, budde ved Grimstad, diktar, tok namnet Hamsun etter garden Hamsund på Hamarøy
5. Anne Marie Pedersdotter 1862-1888, gift med Kristen Kristiansen
6. Sofie Marie Pedersdotter 1864-1890, gift med John Andreas Mork
7. Peder Thorvald Pedersen 1868-1941, gift med Anna Folvik 1871-, gift andre gong med Jenny Stenseth 1899-.

Familien er nemnd på Garmotrædet i 1850-åra, og også i 1862. Heile familien flytta til Hamarøy i 1862.

Midtre Skultbakken

I midtre Skultbakken budde i 1865 Knut Pedersen 1819-1888, han vart 1842 gift med Ragnhild Iversdotter Aasen Kleppeie 1820-. Dei er nemnde som inderstar i Aasen frå 1844 til 1847, men kan ha vore på Skultbakken i 1851 og 1855. I 1858 budde dei i Kveen. Men i 1864 var Knut og Ragnhild i Skultbakken, dei har truleg overteke i Skultbakken seinast da Peder Pedersen reiste til Hamarøy i 1862. Knut og Ragnhild hadde barna

1. Marit Knutsdotter 1842-, til Gran på Hadeland 1867
2. Iver Knutsen 1844-1863, til Hamarøy 1862
3. Peder Knutsen 1847-, neste brukar
4. Singdal Knutsen 1851-, til Christiania i 1873
5. Johan Knutsen 1855-, utflytta til Christiania 1873, men i Skultbakken 1875
6. Imbert Knutsen 1858-1860
7. Imbjør Knutsdotter 1864-, gift med Hans Pedersen frå Stange 1857-, dei fekk barna Peder 1884- og Karl Kristian 1885-, til Kristiania.

Knut Pedersen arbeidde i Prestgarden der han både i 1865 og 1875 er nemnd som husbondskarl. I 1865 er det kjerringa som er nemnd som husmoder i Skultbakken. I liste over bygselavgifter i Nordherredsmarkens og Strandens Bygdealmening frå 1878 går det fram at Knut Pedersen betalte

kr 1,60 pr. år for den gamle innhegninga, men han har utvida med ei ny innhegning og for dette betalte han kr 0,80 pr. år frå 1871. I motsetning til mange andre var han ikkje skuldig bygselavgift, tenesta i Prestgarden gav nok kontantar. Peder Knutsen døydde i 1888, han var da på legd på Fellese.

Peder Knutsen 1847- vart 1871 gift med Marit Andersdotter Tasmyrhaugen 1841-, dotter til treskjæraren Anders Tassmyrhaugen 1790-1863 og Barbro Olsdotter . Peder og Marit fekk barna Knut Pedersen 1871-, Ragnhild Pedersdotter 1874- og Barbro Pedersdotter 1877- (gift med Anders Karussbakken 1864-1940, dei kjøpte både Uppigard nord Sandbu og nordgard Blessom, men enda på Skurdal i Sør-Fron). I 1875 er Peder Knutsen nemnd som brukar av plassen. Heile familien reiste til USA i 1879, men Barbro og mannen kom att.

I midtre Skultbakken budde i 1865 også syster til Peder Pedersen og Knut Pedersen. Guri Pedersdotter 1836- er nemnd som logerande saman med barna. Utan å vera gift hadde ho med Hans Hansen nördre Valdeieie (Bondestugu) 1835-1914 barna:

1. Hans Hansen 1854-, gift 1879 i Trondheim med Eli Jakobsdotter Husehaugen 1852-

2. Knut Hansen 1856-, utflytta til Trondheim 1875

3. Peder Hansen 1859-, truleg utflytta til Kristiania 1884

Guri Pedersdotter er nemnd i Skultbakken både i 1854 og 1859, ho flytte til Trondheim i 1878.

I 1865 var det på midtre Skultbakken 2 kyr, 1 sau og 5 geit, medan det vart sådd ? tønne bygg og ? tønne poteter. I 1875 var det om lag det same, men det var auka til ? tønne bygg.

Nördre Skultbakken

I 1865 budde Knut Pedersen d.y. 1826-1868 i nördre Skultbakken, han var skreddar. Knut hadde med Rønnaug Knutsdotter Valdeieie sonen Ole Knutsen 1849-, han kom til Lamo i Vårdalen. Knut Pedersen vart gift med Mari Iversdotter Nyrneshaugen (Kongelhaugen) 1823-1868, dei fekk barna

1. Kari Knutsdotter 1848-1868

2. Peder Knutsen 1850-, utflytta til Steinkjer 1872

3. Knut Knutsen 1852-1868
4. Eli Knutsdotter 1854-1868
5. Imbiør Knutsdotter 1861-1868
6. Hans Knutsen 1866-1868

Familien budde i 1852 i Skreppholet, og mogleg også ei tid i Kongelhaugen. Men både i 1854, 1861 og 1865 er dei nemnde i Skultbakken I 1868 var Knut på vegarbeid i Oppdal på vegen mot Sunndal. Han hadde familien med seg, dei budde på garden Kletthammar. Eit stort snøras tok livet av 32 menneske, av desse 21 frå Gudbrandsdalen og mellom dei sju av Skultbakk-familien.

Søre Skultbakken

I 1865 budde Ole Pedersen 1816-1893 i søre Skultbakken, han er nemnd som dagarbeidar. Ole er nemnd med Skultbakken som plass og innhegning i Nordherad almenninga i 1853 samtidig med faren, dette viser at det da var etablert ein bustad i tillegg til det gamle Skultbakken. I åra 1867-1878 betalte Ole bygselavgift til almenninga med kr 0,40 pr. år, dette er opplista under nye innhegningar. Ole Pedersen vart 1842 gift med Marit Syversdotter Sveen 1816-1853, dei hadde barna:

1. Peder Olsen 1841-1927, gift 1867 med Kari Larsdotter Sæta 1835-, etter dei gifta seg budde dei på Høgste, ei stugu like ved vegen lenger opp enn Skultbakken, barna var Marit 1860-, Johan 1862-1859, Ole 1864-1949, Kari 1867-1937, Rønnoug 1871-, Ragnhild 1873-, Anne 1876-

2. Syver Olsen 1844-1846

3. Marit Olsdotter 1847-, gift 1868 med Jakob Olsen Faukstadeie 1837-, familien til Jakob var busett i Synnsonstugu i 1865, og i 1875 og 1880 var dei busette der. 1868 og 1872 er dei nemnde i Skultbakken, men det kan vera at Synnsonstugu som ligg like innåt Skultbakken har vore nemnd som Skultbakken. Barna var Ole 1868-, Mari 1872-, Hans 1877-og Imbjør 1880-1884

4. Sigrid Olsdotter f. 1849, hadde barna Ymbjørg Hansdotter 1878- med Hans Olsen Flåten 1858-, og Ole Hansen Ramen 1881- med Hans Pålsen Høgberget 1855-, Sigrid vart gift 1886 med enkjemann Syver Knutsen Vistekleiven 1817-1891 og fekk dottera Mari 1886-

5. Syver Olsen 1853-

Ole Pedersen hadde før ekteskapet sonen Peder Olsen Raastadeie 1838- med Anne Jørgensdotter Raastadeie 1813-1848.

Med Anne Svendsdotter Synslien 1830- fekk han sonen Ole Olsen 1862-

1945 (Kampen). I 1865 budde dei i Synnesonstugu, og seinare budde dei i Kampen opp for Skultbakken. Ho hadde også dottera Guri Iversdotter 1854-1936, faren var Iver Anderssen Sønstelién. Folket i Kampen er ofte nemnd som Skultbakken.

Etter at Ole Pedersen vart enkjemann fekk han med Rønnaug Johnsdotter Randen 1825- barna

1. Ragnhild Olsdotter 1856-, til Helgeland 1887
2. Anne Olsdotter 1859-, utflytta til Rennebu 1875, til Hønefoss 1887
3. Ole Olsen 1863-, til Kristiania 1889
4. Knut Olsen 1872-

Tidlegare hadde Rønnaug Randen sonen John Pedersen 1848-1868, faren var Peder Andersen Lysaker. John omkom i skredulykka i Oppdal i 1868. I 1865 budde Ole Pedersen saman med døtrene Marit og Sigrid i Skultbakken. I 1875 bur Rønnaug Johnsdotter og sønnene Ole Olsen og Knut Olsen i Skultbakken. Dei er da nemnde på nørðre Skultbakken, men viss dette ikkje er forveksling av kva som er nord og sør, bur dei ikkje i stugu til faren.

Ole Pedersen 1816-1893 vart gift andre gong i 1891 med Imbiør Hansdotter Bondestugu 1841-1910, men dei hadde ikkje barn.

Strandens sameie omfatta området mellom Ringnesset og Vistekleiven i aust og Tessa i vest, med unntak av skogsområdet til Valde. Sameia vart utskifta med tinglysing 21.1.1878. Gardbrukarane i øvre Nordherad påstod at dette var almenning som dei også hadde rettar i, da det til enkelte av desse gardane hadde vorte svara avgift eller arbeid frå enkelte av plassane som tilhørde dette området. Men det vart da vist til at bygselavgiftene dei siste 20 år og kanskje lenger hadde vorte betalt berre med pengar, og gardane i øvre Nordherad hadde korkje fått noko av dette eller av erstatning for avstått grunn til nyvegen langs Vågåvatnet. Fleire frå øvre grenda hadde til og med delteke i denne avgjerda. Utgangen vart at området vart rekna som sameie og skogen delt. Sameieplassane vart fordelt slik at nørðre Ringnesset vart delt mellom Fellese og oppigard Viste, Helle fekk Lande og midtre Randen, Bukkesteinen og nørðre Randen kom under nordgard Viste, sygard Valde fekk Øygardsnesranden og Heggeholet, medan Kvassranden og Steinen kom under nordgard Valde. Øygardsneset vart samtidig seld og gjorde at staten som eigar av Lye fekk betaling som sin del.

I Hellreo kom Synnesonstugu, Svelstad og Brun seter som låg ovanfor vegen ved Svelstad under nordgard Sandnes, medan sygard Sandnes fekk Veien. Søre Skultbakken vart husmannsbruk under garden Sande og samtidig kom nørðre Skultbakken under uppå Strond. Kartet viser at nørðre Skultbakken berre var ei lita innhegning, og verdien var berre ein tidel i høve til søre Skultbakken. Midtre Skultbakken er ikkje nemnd, truleg har søre og midtre vorte i hop og da nemnd som søre Skultbakken, eller på kartet berre som Skultbakken. Det er lite som tyder på at desse bruka vart husmannsbruk med arbeidsplikt, truleg var det framleis slik at leia vart betalt i kontantar, men nå ikkje lenger til bygdaalmenninga i Nordherad.

Nye folk

I 1875 er det nye folk i søre Skultbakken, Peder Olsen Einstulen 1826-1877 er da nemnd som husfar med forskjellig arbeid. Peder Olsen vart 1853 gift med Rønnoug Knutsdotter Flatåsen 1823-1889. Peder omkom i 1877 "da han fastened i isen og druknede", han er da nemnd som fattiglem. Peder og Rønnoug budde tidlegare i Wisteeie og Storkvikseie, og i 1865 var dei losjerande i nedre Brun. Dei hadde barna Ole 1854-, John 1856- og Imbert 1859-.

Rønnoug Knutsdotter døydde i 1889 og er da nemnd som inderstenkje i Skultbakken. Da var det sonen John Pedersen som hadde overteke. Han er nemnd som husmann i Skultbakken i 1887.

Det kan sjå ut til at familien også har overteke bruken av heile Skultbakken frå ein gong mellom 1878 og 1887. John Pedersen vart 1885 gift med Marit Arnesdotter Flaten 1849-, dei hadde barna Rønnoug 1880-, Ole 1887-, Anders 1887- og Ymbjør 1891-.

Både i 1887 og 1891 var dei i Skultbakken, men i 1900 var dei komne til Ringnesset.

Bror til John, Imbert Pedersen 1859-1945 budde i Skultbakken som inderst i 1892, men i 1894 var det han som var husmann. Imbert vart 1885 gift med Ymbjør Olsdotter Valbjørslykkja 1862-, og frå 1897 eller litt før budde dei i øvre Valbjørslykkja. Dei hadde barna Peder 1883-, Kari 1887-1887, Kari 1888-, Ole 1892-, Ragnhild 1894-, Anne 1897-, Paul 1900- og Ivar 1904-.

I 1900 var Ole Imbertsen Synnesonstugu (Kleiven) 1840- husmann og forpaktar i Skultbakken, han var frå nedre Kleiven i Nordherad, son til

Imbert 1814-1875 og Marit 1814-1893. Ole vart 1883 gift med Marit Jonsdotter Kvitulen 1850-1915, dotter til Ingeborg Knutsdotter 1827- og John Olsen Storvikseie, Ole og Marit budde i 1890 i Synnesonstugu, men i 1900 var dei i Skultbakken. Også da Marit døydde i 1915 var dei i Skultbakken. Ole og Marit hadde barna Iver 1878-1879, Iver 1881-, Knut 1884-1884 og Kari 1890-.

Ivar N. Sande selde Skultbakken til Torstein Knutsen Brun for kr 1000,- med overtaking 14.april 1916, frådelling frå Sande med skylddeling og skjøte på gnr. 87 bnr. 4 vart tinglyst 12.1.1918. I kjøpekontrakta er det ikkje nemnd hus, dette i motsetning til samtidig kjøpekontrakt på Veien, så husa har nok tilhøyrd brukaren og ikkje vorte overført til Sande ved utskiftinga. Det var kanskje derfor at Singdal Knutsen måtte godkjenne skjøtet, han var son til Knut Pedersen som var brukar i midtre Skultbakken i 1860- og 70-åra. I kjøpekontrakta går det fram at dette er søre Skultbakken, men fleire bruk i Skultbakken eksisterte det neppe på dette tidspunktet. Torstein Brun kjøpte også nabobruket Veien frå sygard Sandnes i 1916, det året kjøpte han også Bondestugu der han vart busett. Gnr. 87 bnr. 5 Lilleløkken utanfor vegen vart frådelt Skultbakken i 1919, dette selde Torstein Brun til Gunhild Pettersen i 1924. Skultbakken selde han alt i 1919 saman med gnr. 88 bnr. 4 Veien. Kjøpar var Ole Svelstad og kjøpesummen for alt var kr 2200,-.

Ole Svelstad var frå Bjørviken, son til Hans Kristensen Vistekleiven 1835- og Thorø Andersdotter Grindstuen 1835-, seinare hadde familien flytta til Svelstad ved vegen lenger opp enn Skultbakken. Ole Hansen Svelstad 1874-1948 vart 1899 gift med Mari Olsdotter Øyen 1872-1954. Dei hadde barna Hans 1900-1973 (neste eigar), Thorvald og Oline (gift Labberud i Fåberg).

Hans O. Bakken overtok etter faren i 1930, han vart 1939 gift med Rønnaug Øygarden 1918-, dotter til Jakob Øygarden og Ingrid Løken. Barna er Olav 1939- (gift med Rigmor Andreassen) og Jan Ivar 1947- (gift med Jorun Løken).

Jakob P. Kleiven 1911-1997, son til Pål Vistekleiven 1878- og Guri Grind 1874-, kjøpte Skultbakken i 1957. Han vart 1934 gift med Klara Brun 1915-, dotter til Torstein K Brun og Ragnhild Lillesæter, Lom. Dei hadde barna Ragnhild 1934- (gift med Helge Refsahl), Jon 1942-1971 (gift med

Solveig Holø 1944- i Skjåk) og Anne Lise 1944- (neste eigar). Familien budde i Bukkesteinen, og brukte Skultbakken som seterbruk til 1970 da dei slutta med kyr.

Anne Lise Kleiven overtok Skultbakken i 1972, ho vart 1964 gift med Erling Klevstadberget 1936- frå Nord-Fron. Familien er busett på Stange. Frå sist på 1990-talet har Tor Brun overteke fyrst jorda i Skultbakken, og seinare tunet. Han eig også Bondestugu.

Kjelder:

Birger Bostad: Div. notat om Knut Hamsun og folket i Skultbakken

Rolv Fritsvold 1999: Langmorkje Almenning, glimt fra historien

Svein Knut Granum m.fl. 1997: Norske Gardsbruk

Martinius Høgåsen, Årbok for Gudbrandsdalen 1964: Noko om Knut Hamsun og ætta hans.

Tor Korsvold, Gudbrand 1-2008: Omkomne Gudbrandsdøler i snøraset i Klevgardene i Oppdal for 140 år siden

Pål Øystein Kvarberg: Notat om slekta i Skultbakken

Mari Lien, - sagt og skrivi 1996: Laust og fast omkring Knut Hamsun og Ivar Kleiven

Hans Sandviken - sagt og skrivi gjennom ti'in 1996: Om fødestaden til Knut Hamsun

Kari Bakke Storvik 1999: Draumen om eit bedre liv

Tor Brun: kjøpekontrakter, munnleg informasjon

Folketeljingar 1801, 1865, 1875, 1900

Trond Ole Haug: munnleg om namntyding

Nord-dalsarkivet Vågå: div. avskrifter frå kyrkjebøker, tingbøker m.m.

Nordherad almenning: arkiv div. skriv

Pantebok for Nord-Gudbrandsdal: skylddelingsforretning, skjøte

Utskrift utskiftingsforretning Strandens sameie 1875-1977

Sorenskriver / tingskriver i Nord-Gudbrandsdalen etter 1579

- Av Gunnar Ottesen

Skriverstillingen ble opprettet ved kgl. forordning av 31. juli 1591 etter begjæring fra den norske adel under Christian IV's hylling i Oslo tidligere samme år. Året før var det blitt bestemt at bygdinget skulle være regulær førsteinstans i det norske rettsvesen. Reformen av 1590 sluttførte oppbyggingen av et hierarkisk rettsapparat. Bygdingets nye status medførte imidlertid uvante og tunge byrder for tingets dømmende organ – lagretten. Sorenskriveren skulle være lagrettens hjelpemann og virke som bygdingets sekretær, men han fikk ingen domsmakt. Iflg. brevet av 1591 kunne han imidlertid gi lagretten råd. Ved en forordning av 23. oktober 1634 ble sorenskriveren anerkjent som lagrettens meddommer.

1. Jacob Jacobsson: Første tingskriver i Gudbrandsdalen nevnt i 1579??.

2. Peder Riber: Tingskriver i Gudbrandsdalen nevnt i 1596, 1599, 1600 og 1603. Det siste året har han nok tatt sin avskjed, men han levde enda og var skrivefør i 1615. Peder Riber bodde på Ripstranden i Vågå, som han skal ha bygd og ryddet. Dette er opplyst i en lagtingssak i 1630, som hans sønn Amund Pedersen førte om Ripstranden.

3. Niels Søfrenssen: Tingskriver 1607 og 1608 i Vågå.

4. Maurits Jenssen: Også brukte "Morits". Nevnt som Tingskriver i Vågå 1619 og på Lesja i 1620. Han kjøpte gården Li i Gausdal og bodde der. Det ser ut til at han gjorde tjeneste som skriver for hele Gudbrandsdalen. Han var tingskriver i 44 år.

5. Bertel Christensen: Tingskriver nevnt i Vågå og Lesja 1622, 1623 og 1624.

6. Hans Nielsen (Ferslev): Sorenskriver 1624-1638. Senere lagmann i Fredrikstad.

7. Christen Hanssen: Tingskriver/Sorenskriver i Gudbrandsdalen 1630-1632. Den første tiden bodde han på Ringebu, men flyttet senere til Fron. Det antas at han var fra gården Tolstad. Hans bror Paul Hanssen vikarierte flere ganger for han som sorenskriver.

8. Henrik Jacobsen: Utnevnt 19. august 1657 av statholder Niels Trolle på kongens vegne til tingskriver i Ringebu, Øier, Gausdal og Fåberg sogn. Stadfeste i bevilling datert 7. mars 1662 og 12. september 1670.

9. Jacob Knudssen: Sorenskriver i Fron, Vågå, Lom og Lesja sogn fra 1662-1688. Han kjøpte gården Sunde i Vågå ca. 1667 og bodde der til sin død.

10. Henrik Jacobsen: (Brukte også etternavnet Schmidt). Var sønn av nr. 9 og ble sorenskriver i 1688 og hadde embetet til sin død i 1719. Fra 1708 var han også assessor i overhofsretten og viselagmann i Opplandene. Han var en rik mann og levde lenge i folkeminnet i Vågå. På Sunde bygd han en svær stue på 3 høyder og som sto til storoffsen tok den i 1789. I tillegg til Sunde var Schmidt også eier av andre eiendommer i Norddalen og på Toten, hvor han eide den store gården Rognstad. Han var gift med Marie Glad av den gamle Gladætten. Hun døde i barsels-seng sammen med tvillinger, og både hun og tvillingene ble gravlagt i samme kiste i gravkjelleren i Vågå kirke. Ved kgl. Resolusjon av 9.5. 1699 ble begge de Gudbrandsdalske sorenskriverier sammenslått til ett, som da Henrik Schmidt betjente til sin død i 1719.

11. Søffren Bartrum: Han fikk 7. mai 1673 bevilling til å være sorenskriver i Søndre Gudbrandsdalen i stedet for – nr. 8 Henrik Jacobsen – som da godvillig hadde avstått stillingen grunnet sin høye alder. Søffren ble fradømt embetet ”formedelst for usømmelige forhold”.

12. Laurits Bruun: Midlertidig skriver i 1719 og styrte embetet i hele dalen.

13. Mogens Winsnes: Midlertidig sorenskriver i Nord-Gudbrandsdal. Mens han styrte embetet var det en oberst Kruse som anla odelssøksmål mot flere gårdbrukere i Vågå, som i sin tid hadde kjøpt gårdene av oberst Breddorf?, bl.a. Romundgard i Sel. Winsnes tildømte Kruse gårdene, men ved lagtinget ble dommene omgjort da gårdbrukerne hadde hevdet odel på gårdene. Da Winsnes fratradte som skriver, ble dalen igjen delt i 2 embeter som før.

14. Niels Hauritz (1684-1757): Skriver fra 1731 – 1751. Det er ikke kjent hvor han bodde, men det er rimelig at han bodde på Sødorp, da han sammen med fogden Pram ordnet seg med gravkjeller ved Sødorp kirke. Niels Hauritz ser ut til å ha vært en dyktig sorenskriver. Skogforvalter S. Wolrath har anført følgende merknad: ”Jeg har hørt at Niels Hauritz har bodd en periode på Håkenstad, som tidligere tilhørte det offentlige. Han har i hvert fall undertegnet flere breve derfra.”

15. Carsten Haurtz (1714-1762): Sorenskriver fra 1751 – 1761. Han var sønn av nr. 14. Han bodde på Sandbu, Uppigard-nord i Vågå. Han er nevnt som stedfortreder for sin far i 1743, og virkelig sorenskriver fra 1754 – 1761. Carsten Hauritz var kjent som drikkfeldig og drikkingen fortsatte mer og mer. Statholder Jakob Benson bar seg ille for ham og presten Johan Storm, som var gift med Carsten Hauritz's søster, bar seg også ille for ham, bl.a. ville Hauritz at Storm skulle gå god for seg, da det var pengemangel i kassen hans.

16. Peder Pontopidan (-1766): Var sorenskriver fra 1762 – 1766. Han var sønn av den kjente Bergensbiskopen Erik Pontopidan. Han var i embetet kun i 4 år, og det siste året var han ikke arbeidsfør.

17. Lars Wiedemann: Var midlertidig skriver i 1765 og 1767.

18. Henrik Pløyen (-1799): Sorenskriver fra 1766 – 1799. Han kjøpte gården Ny-Sandbu i Bredebygden og bodde der. Han var kjent som en driftig gårdbruker, og en grei og duelig embetsmann.

19. Hans Hansen: Var midlertidig skriver etter Pløyen til 1800. Han var i lang tid sakfører i dalen. Hans Hansen var ofte settedommer i saker for sorenskriverne i dalen og hadde et godt navn som sakfører. Han døde på Ny-Sandbu i 1824.

20. Mads Bjerregaard (1761-1831): Sorenskriver fra 1800 – 1831. Han var auditor og regimentskvartermester i Oplandske dragonregiment og ble utnevnt til sorenskriver i 1800. I de første årene bodde han på gården Hammer på Lalm, hos lensmann Trosdal. Etter en tid kjøpte han Uleberg i Vågå og flyttet dit, og det er han som satte opp stuebygningen som ennå står på Uleberg. Han var av dansk ætt og var regnet som en



Lye var sorenskrivergård fram til ca. 1920. Utlån Nordheradsprosjektet.

duelig embetsmann. Han var sorenskriver i 31 år, og døde på Uleberg i 1831. Han dømte i mange viktige saker i Norddalen den tiden, og han var ansett som en grei og dyktig dommer. Sorenskriver Bjerregaard og hustru minnes nærmest som dikteren Henrik Anker Bjerregaard's foreldre. I dikterens sangspill "Fjelleventyret" finner vi en gjenklang fra sorenskriverkontoret i Vågå hvor han arbeidet våren 1811, - skriver fhv. sorenskriver Arent Olafsen i boken "Våre sorenskrivere".

21. Jens Mathias Berbom (1792-1858): Sorenskriver fra 1831 – 1847. I hans tid ble gården Lye innkjøpt til sorenskrivergård, og Berbom flyttet inn der. Han var en fin mann og var avholdt som embetsmann de 17 årene han var i embetet.

22. Rasmus Hansen (1797-1861): Sorenskriver fra 1848 – 1861. Han var bondesønn fra Opdal. Fikk sin juridiske eksamen med de beste karakterer, og var først stortingsmann fra 1839 – 1842. og igjen en periode i 1848. Så flyttet han til Vågå og overtok embetet der etter Berbom. Han var kjent som en framifra grei embetsmann, men han likte ikke

sommel med tiden og var ikke nådig når folk møtte opp langt baketter fastsatt tid, og de lærte fort å møte i rett tid. Hans juleball på Lyen ble regnet som selskapelighetens glanspunkt i Vågå. Han døde i Vågå i 1861.

23. Fredrik Wilhelm Weidemann (1818-1902): Sorenskriver i perioden 1861 – 1862. Etter Vågå var han flere ganger stortingsmann og sorenskriver på forskjellige steder, men endte opp som fast sorenskriver i Solør. I perioden 1861-1862 styrte sakfører Hans Olsen i Vågå embetet i kortere perioder.

24. Otto Christian Ottesen (1818-1900): Var soreskriver fra 1862 – 1874. Regnet som en stø, grei og samvittighetsfull embetsmann, og var velaktet av alle i embetskretsen. Var i 1859 også konstituert som sorenskriver i området Mellom-Gudbrandsdalen sorenskriveri. Han ble i 1875 utnevnt til sorenskriver i Trøgstad.

25. Axel Aagaard Hansten (1822-1880): Sorenskriver i perioden 1875 – 1880. Han kom fra Drammen som sakfører. Var plaget av sovesyke, og døde i Vågå 1880.

26. Elsedor Anton Albrechtson (1830-1882): Soreskriver fra 1881 – 1882. Var kun 2 år i Vågå, og døde i 1882. Ansett som en dyktig jurist.

27. Anders Frederik Klem (1826-1884): Sorenskriver 1883 – 1884. Var tidligere sakfører i Kongsvinger. Han døde etter å ha hatt embetet i ca. 2 år.

28. Walter Schott Dahl (1839-1906): Var sorenskriver i Vågå i perioden 1884 – 1889. Dahl var en kjent politiker og også deltok som aktor i Riksretten i 1884. Var statsråd, forfatter og endte som lagmann i Gulating lagdømme i Bergen. Han var en kjent og kunnskapsrik mann, slagferdig med et rikt fond av humor.

29. Christian Frederik Hagemann (1838-1925): Overtok embetet i 1889 til 1897, da han ble utnevnt til byfogd i sin hjemby Kristiansand i 1897.

30. Didrik Christian Schönøyder: Sorenskriver fra 1897 – 1907. Han ble i 1907 utnevnt til sorenskriver i Nes på Romerike.

31. Kristian Fleminius Qvigstad (1848-1923): Fra 1907 – 1918. Var ansett som en meget dyktig embetsmann og godt likt av folket i bygda. Det går mange historier etter han om hans synske evner. Han ble i 1918 utnevnt til sorenskriver i Follo, og flyttet til Drøbak. Hans kone døde i Vågå i 1916.

32. Sigurd Holaker (1867-): Overtok embetet i 1918 – 1921. Han var bondesønn fra Lesja og hadde embetet til han i 1921 ble utnevnt til sorenskriver i Nord-Hedmark, og flyttet til Hamar. Holaker var den som foranlediget til at sorenskrivergården Lyen ble solgt. Salget av Lyen innbragte staten kroner 47100,- og for de 12 husmannsplassene som da var under Lyen fikk staten kroner 16170,-.

33. Paul Nicolai Olsen (1867-1931): Han overtok i 1921 – 1931. Sakfører i Vågå 1891-1921. Ivar Kleiven skriver om ham: ”Han var innfødt Vagvær, ein dyktog retslærd, væl kjent med alle forhold i embetskrinsen og hadde stor tiltru som ein absolutt upartisk og retsindig domar. Sikkert ein tå di mest velvørde domare Nord-Gudbrandsdal har hatt og det kjendtes som eit tungt slag, da døaordet hans kom ennå i hans beste alder”.

34. Ivar Arnesen (1877-): Var sorenskriver i Vågå fra 1932 til 1938, da han ble utnevnt til sorenskriver i Holt embete, og reiste til Holmestrand. Han døde der i 1945.

35. Eivind Bredal Olsen (1886-): Sorenskriver fra 1938 – 1945. Han søkte avskjed fra embetet i 1945.

36. Ludvig Nøstdal (1900-): Overtok embetet i 1945 til 1958, da han ble utnevnt til sorenskriver i Horten.

37. Egil Lund (1903-): Ble utnevnt til sorenskriver i Vågå i 1958 og var her til 1970, da han fikk avskjed i nåde.

38. Maurits Andersen Innjord: 1970-1980

39. Thomas Konow Fleischer: 1980-1988

40. Håkon Lars Wiker: 1988-1995

41. Ståle Hovden: 1995-

Nordherad

Skjematisk om busetjingshistoria i Nordherad.
Bruk som vart borte etter svartedauden?

- Av Knut Raastad

Fram til 500 e.Kr.:

Funn av økser på nordgard Viste, Ulsbu og Rydland viser spor av tidleg jordbruk frå steinalderen etter 3000 f.Kr. Å fastslå dei eldste gardane kan gjerast ut frå slik garden ligg til, oldtidsfunn, og fyrst og fremst namn. Dei eldste kan vera frå noko før vår tidsrekning. Etter dette kan Viste vera eldste garden. Valde, Sande, Berge og Mo er gardar med usamansette naturnamn som kan ha grunnlag i opphavsgarden Viste. Desse kan vera frå om lag år 0 (eller før?). Helle, Fellese og Lye er gardar som har ending på -vin (engslette), desse skriv seg til vanleg frå fyrste tida etter vår tidsrekning. Kvarberg og Valbjør er gamle med store gardsvald, og kan vera av dei tidlegaste gardane likeeins som Viste. Langhuset på Visdal vil truleg også vera frå før 500 e.Kr.

Vikingtida 800-1050:

Sandnes og Visdal er samansette naturnamn, medan Ulsbu truleg er samansett med mannsnamnet Ulv. Sandnes kan vera deling av gardsvaldet Sande medan Visdal er frådelt frå Viste. Mange namn i området på Neremo og nedre delen av Mo har namn med Holen (Holsmyra, Holslego, Holsåkeren, Holsflata, Holshaugen og Holsreina), på 1600- og 1700-talet er nemnd Holen under Mo, dette vart seinare til husmannsplassen Holshaugen der husa låg litt opp for tunet på Neremo. Det er mykje truleg at Holen var ein gard som vart øyde etter svartedauden og som kom saman med Mo.

Mellomalder 1050-1350:

Brattland er truleg frå mellomalderen. Stavseng er namn på fleire jordstykke lengst vest på oppigard Kvarbergs-jordet nedanfor dagens Stavseng (Gammel-Stavseng, Stavseng-åkeren, Stavseng-holet), dette tyder på at Stavseng har vore eit større bruk som har kome saman med Kvarberg. Trælviken og Grev var rydningsbruk like før 1700, men kan ut frå namn vera gamle bruk som har vore øyde etter svartedauden. Enkelte av dei tidlege husmannsbruka på 1600- og 1700-talet kan også skrive seg



*Sygdal Valde og nordgard Viste med Visdal i bakgrunnen. Rundt 1900.
Utlån Ola N Valde.*

frå jord som har vore brukt før svartdauden. Kan Resvold vera eit slik bruk? Dei fleste gamle namngardane vart delte i på 1300-1400-talet, men mange vart seinare samanslege att.

1600-, 1700-, 1800-talet:

Husmannsbruk, oppattrydding i den gamle grenda:

Frå 1600-talet og utover vart det rydda mange husmannsbruk i hamnlykkjer i den gamle grenda: Stavseng , Dalen (2) og Hesthågå frå Kvarberg, Brattlandhaugen frå Brattland, Felleselykkja frå Fellese, Resvold og Hellelykkja frå Helle, Valbjørlykkja (2) frå Valbjør, Moshuset (2) og Holshaugen frå Mo, Bergehaugen, Petterhaugen og Bergelykkja (Jakobstugu) frå Berge, Aabakken frå nordgard Valde, Sandneshagen (2), Tunga, søre Vetlhågå og Sandnesulen frå Sandnes, Sandebakken frå Sande og Dalestugu (2) frå Viste. Vistelykkja og Vistestrind var truleg berre buplassar, likeeins var det med Solbakke-stugu og Hummelgården.

Bygdaalmenninga:

Frå sist på 1700-talet og utover fyrste del av 1800-talet vart det ei nybyggjargrend i bygdaalmenninga der brukarane betalte bygselavgift til almenninga. Dette var Gjelbakken, Stordalen, Ulsbustugu, Arnestugu, Vetleseter, Høgberget, nørdrø Vetlhågå og søre Ulsanden. Midli kom like før 1900.

Statsalmenninga:

Siste del av 1700-talet, men mest utover 1800-talet vart statsalmenninga busett. Det vart opp til 35 buplassar, men enkelte var berre ei stugu utan jord. På dei fleste bruka vart det betalt bygselavgift til staten. Grev og Trælviken vart kjøpt av gardbrukarane i Nordherad fyrst på 1700-talet, i tillegg til desse fanst i 1800 bruka Kolgroven, Sandviken og nørdrø og søre Ulsanden. Dei andre bruka kom til utover 1800-talet. Dette var Rustom, øver-Sveum, ner-Sveum, Grovdalen, Ulsandstugu, Greske-Karis plass, Perstugu, Brustugu, Tassmyrhaugen, Svastugu, øvre Kleiven, nedre Kleiven, Grevrusten, Kattholet, Skreppholet, Langrusten, Næpneset, Næpneshaugen, søre Næpneshaugen, Heggerusten, Flåten, Vetlberget, Kapteinhågå, Hestulen, Kvitulen, Turrsletten, Storsteinrusten, søre Trolldalen og nørdrø Trolldalen. I dag er dei fleste plassane fråflytte.

Nye bruk fyrste halvdel av 1900-talet:

Spesielt for Nordherad er at det fyste halvdel av 1900-talet vart mange nye bruk i den gamle grenda. Dette skjedde gjennom frådeling av både dyrka og udyrka jord frå dei gamle gardane: Rydland og Strind frå Fellese, Skogvang, Brennhaug, Fjellheim og Nyheim frå Kvarberg, Byre og Jordet frå Valbjør, Neremo og Mork frå Mo, og Bjørkheim og Heggero frå Sandnes.

LANGHUSTOMT PÅ VISDAL

Nordheradsprosjektet har i tida frå 1999 registrert kulturminner i Nordherad, rapport vart trykt våren 2005. Dette omfatta vatningsveiter, skifer- og klebber-brot, skålgroper og ein del andre kulturminner. Frå 2005 har Vågå kommune eit registreringsarbeid av kulturminner i bygda, Nordheradsprosjektet er arbeidsgruppe for Nordherad. Liste var

ferdig desember 2005, og omfatta da også oldfunn, bygningar eldre enn 1900 og nedlagte gardsbruk, buplassar og setrer. Av desse er ei tomt i hamnlykkja på oppigard Visdal spesielt interessant.

Det var Morten Visdal som tipsa om dette. Norheradsprosjektet registrerte dette som hustomt med lengde 20 meter og breidde 10 meter. Det vart i registreringa meint at tomta kunne vera gammal, dette vil seia langhus frå førhistorisk tid. Ca. 30 meter lenger nede er det også ei tomt, men denne er ikkje så tydeleg. I området er det gamle rydningsrøyser, d.v.s. små røyser som skriv seg frå ei tid da steinen vart kasta i hop og ikkje kjørt til større røyser. Tomta ligg nesten oppe ved utgjerdet beint opp for tunet på oppigard Visdal. Ho er lett synleg frå turstigen som går mellom Moshuset og nigard Visdal ogofor hamninga på Mo og oppigard Visdal.

Arkeolog Jan Berge som er engasjert av Vågå kommune med kulturminneregistreringa, har sett på tomta og vurderer at dette er tomt etter langhus frå folkevandringstida. Sikker datering er ikkje råd utan utgraving. Kulturminner frå før reformasjonen 1537 er automatisk freda, så sjølv ein arkeolog må ha løyve frå Riksantikvaren for graving. 70 meter vest for tomta, på andre sida av bekken fann Jan Berge ein gravhaug. Haugen er 8 meter i diameter med eit søkk i midten. Som med mange gravhaugar har vel nokon grave for å finne gravgods, dette kan ha skjedd i svært gammal tid.

Folkevandringstida er definert som tida frå 400 til 550 e.Kr. I denne tida og dei to hundreåra før skjedd det i Norge ein kraftig ekspansjon med mange nye gardar. Mange av desse gardane vart rydda og bygde høgre opp og lenger frå tidlegare busetjing. Siste halvdel av 500-talet vart mange gardar fråflytte og nedlagt, på same måten som etter Svartedauden var det dei mest marginale gardane og grendene som vart oppgjeve. Kva som var bakgrunnen for nedgangstida er usikkert, men det ser ut til at attendegangen har skjedd på stutt tid. Skriftlege kjelder frå lenger sør i Europa nemner store pestepidemiar både i 542, 552-554 og seinare på 500-talet (Aschehous Norges Historie 1994 s. 198).

Langhus hadde plass til folk i eine enden og fe i den andre og kunne vera einaste huset på garden. I heile perioda frå bronsealderen til vikingtida var konstruksjonen slik at taket vart halde oppe av to rekker med jordfaste

stolpar eit stykke innanfor ytterveggane. Når stolpane rotne kunne husa byggjast opp att ved sida av, tomta lenger nede kan vera eksempel på at huset har stått der tidlegare. Men i bratt terreng der det var vanskeleg å finne tomter, var det nok meir vanleg å skifte stolpane der huset stod. Kor lenge huset på Visdal har vore i bruk er dermed usikkert utan utgraving. Ytterveggane var av plank, og utanpå kunne det vera brukt torv som isolasjon. Innvendig var huset dermed mykje smalare enn 10 meter. Tomta er høgare enn terrenget innanfor, dette er truleg på grunn av torva frå vegg og tak. Dette kan vise at huset har vorte ståande tomt og til slutt falle over ende, og styrkar dermed teorien om plutsleg opphøyr av busetjinga. Tomta lenger nede har ikkje slik tydeleg høgde over terrenget, dette kan tyde på at huset har vorte nedrivi for å bli flytta.

Innanfor Visdal ligg Ros-kampen og der husa på oppigard Visdal ligg heiter det Ros-ekra. Ein kan spekulere i om denne garden som er borte har hatt namnet Ro. Oluf Rygh har i boka "Norske Gaardnavne" tolka gardnamnet Ro i Heidal (Ryen) slik at det kjem av ruk som er ein liten stakk av kornband. Ei anna tolkning kan vera rud som tyder rydning; også Spakrud blir uttala Spakro.

(Artikkelen stod i Nordheringen november 2006) Etterord 2009: Tomta som ligg lenger nede er som nemnd ikkje så tydeleg, men ho er enda lenger. Denne vart registrert av arkeolog Kjersti Tidemanden i 2007. Like nedanfor denne er det også tydeleg merke etter ei tomt, dette tyder på busetjing over lenger tid. Det skulle vore interessant om tomtene kunne vore arkeologisk undersøkt for å fastsetja nærare kva tidsrom dei skriv seg frå. I samband med vegtrase er det funne spor etter jernaldertomter på Fron, men ellers er lite registrert i Gudbrandsdalen. Og så tydelege tomter som på Visdal er sjeldan.

ULVESTUGU VED AABAKKEN

Før i tida kunne det somme tider vera mykje ulv. I lange perioder kunne dei vera ei lei plage, så var dei borte att i mange år. Det er opplysningar om sterk attendegang i storviltbestanden i delar av landet ut på 1500-talet med blant anna kongeleg påbod om tre års freding i 1551. Det skal ha vore ei bølge med mykje ulv på 1500-talet, men ein sjukdom skal ha redu-

sert bestanden. På 1600-talet skal det ha vore ein ny topp og påfølgjande nedgang seint på 1600-talet. Når stamma av elg, rein og hjort kunne ta seg opp p.g.a. lite ulv, førde dette til at ulvestamma kunne vekse att. Etter at ulven hadde utrydda mykje av storviltet, fanst det mindre å leva av for ulven og dermed vart det færre ulvar. Slike syklusar kan truleg vera årsaka til perioder med mykje ulv. I dei verste periodene samla dei seg ofte i store flokkar. Ulven gjorde stor skade på bufeet, og det vart prøvd mange råd for å få has på han. Frå Sverige vart det fyrst på 1800-talet fokusert på å øydeleggje rovdyra for å ta vare på det nyttige viltet.

Sterk vekst av ulvestamma rundt 1720 skal ha øydelagt hjort- og elgstammen i store delar av landet. Når byttedyra vart borte, trekte ulven ned mot folk for å finne føde. Frå 1733 vart det innført skotpremie for ulv og bjørn, og fram til 1845 vart skinnen framlagt på tinget. I ein del saker er storleiken på skotpremien nemnd i tingprotokollen, det vart betalt to Riksdaler. Ola Knutsen Sande anviste for tingretten 25. februar 1738 skinnen av ein vakse gråbein som han sjølv hadde skote. Hausten 1743 skaut Lars Valbjør ein vakse ulv. I 1745 fekk Gunnar Sandnes 2 Rdr. for skotet etter å ha vist fram skinnen av ein vakse ulv. Ola Viste fekk i 1756 betaling etter at han året før fanga og drap ein ulvunge. I 1762 viste Johannes Mo fram for retten eit gråbeinskin som han hadde skote på isen ved Grev. Ola Sandnes drap ein vakse ulv vinteren 1767. Same året drap Lars Øy ein ulv, det var Johannes Mo og Erland Aabakken som vitna om at dette var rett så kanskje det kan ha skjedd i Nordherad. I 1770 viste Syver Sandnes skinnen av ein ulv som bror hans hadde felt for glugg ved husa på garden. Fire år etter anviste Syver Sandnes eit skrubbsskin som var felt utanfor garden på Vågåisen. Samtidig hadde Jon Valde eit skinn av ein skrubb som var felt for glugg ved garden der. I 1777 skaut Syver Sandnes 2 ulvar på isen utanfor garden, dette er siste skotpremien i Nordherad som er nemnd i tingbøkene.

Mange av ulvane er felt på eller ved isen, dette har vel samanheng med at ulven rakte der det var lett å gå. Historia om Lars Trælviken f. 1778 er ikkje nemnd i tingbøkene. Lars som var namnspurd til å gå på skeiser, tok ein råstaur og sette etter ein ulv på klårisen. Da han kom innåt prøvde han i slå, men for kvart slag tok ulven stauren i kjeften og han kom etter kvart nær hendene. Da braut Lars stauren på midten, let ulven ta eine stubben i kjeften og slo han i hovudet med hine og fekk såleis livet av han.

Før geværa kom var ulven vanskeleg å jakte på, og da vart ulvegard og ulvestugu brukt til å fange ulv. Ulvegarden var ei inngjerding laga av pælar som bikka innover, og laga slik at ulven kunne koma inn, men ikkje ut att.

Ulvestugu eller ulvehus var ei grav som kunne vera av tømmer og da bygd firkantet, eller mura av stein og da oftast rund. Grava ved Aabakken er mura av små rund stein. Veggene er ikkje heilt vertikale, men har helling slik at det skulle vera uråd for ulven å koma opp att. Denne ulvestugu vart i 1988 undersøkt av konservator Edvard K. Barth ved Zoologisk Museum i Oslo saman med ektefella Sonja. Grava er ikkje sirkelrund, nord-sør aksa er 5,0 m og aust-vest aksa 4,60 m, mest vanleg tverrmål på slike graver har vore 2,5 – 4,0 m. Vegghøgda var 2,50 m, men dei grov seg 20-30 cm ned på den opprinnelege botnen. Djupna i sentrum var 2,85 m. I midten fann dei reist av den avbrotne åtestokken som stod opp 20 cm frå opprinneleg botn, han var 16 cm tjukk.

Åtestokken var ein stolpe som stod midt i ulvestugu, på toppen av stolpen var det ein lem der det var plassert enten åte eller ein levande hund. Så vart grava tildekka med kvist og mose, om vinteren også med snø; frå andre plassar er det kjend at det vart brukt halm. Hunden heldt eit forferdeleg leven, og lokka dermed ulven til seg. Når ulven skulle ta hunden, fall han i grava. Ulvegravene kom meir ut av bruk etter at det vart vanleg med gevær, men Ola Aabakken har fortalt at da oldefar hans gifta seg i 1860 hadde han nettopp teke den siste ulven i denne ulvestugu. Denne oldefaren var bataljonstambur Ole Erlandsen Nordahl 1832-1909. Skinnen av hunden som vart brukt til åte er på Aabakken den dag i dag. Ivar Kleiven nemner at det tidleg på 1800-talet vart bygd ulvegard på Tolstad-moane på Lalm, så sjølv etter at det vart brukt gevær, kunne felle med åte vera til hjelp. Også i dag er dette brukt til jerv og gaupe.

Namn fortel at det har vore ulvegrav også annan stad i Norherad. Gardsbruket Dalen innanfor Kvarberg er ei forkorting av Ulvhusdalen, dette vil seia at det har vore ulvestugu der. Ulvhusdalen er eit gammalt namn som er nemnd av Edvard Storm på 1700-talet.

Ulvestugu ved Aabakken vart på ny arkeologisk undersøkt hausten 2005. Utgravinga skjedde under leiing av fylkesarkeolog Espen Finstad.

Åtestokken i botnen av grava stod framleis, og vart teke ut for å bli datert. Med dendrokronologisk datering er det funne årringar frå 1703-1768, ytre del av stokken manglar, men tidspunkt for felling av treet er sett til om lag 1810-1820. Ein kan da konkludere med at den siste åtestokken har vorte nedsett etter dette tidspunktet, men grava kan vera eldre viss stokken har vore utskifta. Ellers vart bakken aust for grava utgrave slik at ein i profilen såg korleis bakken hadde vore før ulvestugu vart laga. På den gamle bakken vart det funne eit kol-lag, og dette vil bli datert ved hjelp av C14-metoda. Ved datering av kol-laget finn ein eldste moglege tidspunkt for grava.

Muren på eine sida vart velta ned for å få opp att ei ku på Aabakken for mange år sidan. Stein og lausmassa i botnen av grava vart nå utteke, og etter utgravinga vart muren oppattsett og bakken planert slik grava har vore før. Ulvestugu er ein del av kulturstigen, og det vil nå bli vurdert om det skal leggjast til rette for å vise korleis grava har vore brukt.

Kjelder:

Asbjørnsen P. Chr. 1840: *Ulve- og Rævefangst (Oversat efter det svenske Jägareförbundets Tidsskrift)*

Asbjørnsen P. Chr., Moe Jørgen 1851: *Samlede eventyr: Han far sjøl i stua.*

Barth Edvard K, 1988: *Rapport til Oldsaksamlingen om gravning i ulvestua på Åbakken.*

Barth Sonja og Edvard K, Årbok Norsk Skogbruksmuseum 1989: *Fangsthistoriske rapporter.*

Brekken Jakob, Årbok for Gudbrandsdalen 1967: *Ulvestugur og ulvegardar i Vågå.*

Kiil Alf 1987: *Arkivkunnskap.*

Kleiven Ivar 1907: *I gamle Daagaa.*

Kvarberg Pål Øystein 2000: *Slekter i Vågå og Lom.*

Lie Ragnar Orten, SPOR nr. 2 2003: *Ulvefangst i ulvestuer.*

Norsk Skogbruksmuseums arkiv: *Rovdyrstatistikk for Nord-Gudbrandsdal 1733-1845 (utskrift Tingbøker).*

Storm Edvard (Vågå kommune 1994): *Døla-viser.*

Unsgard John og Vigerstøl Nils Petter: *Ulv i Norge.*

Vågå Historielag: Årsmelding 2008

Jutulheimen

Opplysningsvesenets fond v/Statskog krevde stor auke av festeavgift for Jutulheimen, tidlegare avgift var kr 135,-. Kravet om auke var grunngeve med verdiauke av tomta, historielaget har ikkje akseptert dette for det store området som ikkje kan nyttast. For å unngå alt for stor avgift har bortfestar til slutt akseptert at arealet blir redusert til det som trengst rundt husa, arealet nedanfor tunet og ogofor vegen blir teke ut. Ny avgift blir kr 10000,- pr. år, gjeldande frå oktober 2008 og ikkje frå 1.1.2007 slik kravet var.

I året er taket på eine sida av Øyastugu reparert, platonpappen var øydelagt og ein ås og noko av troa var oppråten. I mai var det raking og rydding. Lekkasje på vassleidninga til Jutulheimen gjorde at vatnet kom att i Rugsveen, dette viste seg å vera på stikkleidninga innanfor høgdebasseng-et og vart såleis kostnad for Jutulheimen. Tømmeret frå det nedtekne kvernhuset er flytta til scena, der ligg det tørt. Det er varsla tilskot frå Oppland fylkeskommune til etterslep av vedlikehald for musea i Nord-Gudbrandsdalen, og fond i MiNG kan og bli brukt. Men fylkeskommuna og MiNG / Gudbrandsdalsmusea as har ikkje fordelt desse pengene enda. Historielaget har oppdatert tidlegare kostnadsoverslag og varsla prioritering av tiltak, utanom ein del mindre vedlikehald er prioriteringa kvernhuset, grishuset, tørrstugu og taket på scenehuset.

Jutulheimen har vore mykje brukt til bryllaup og liknande i året som har gått, og kommuna har brukt anlegget for skulen og kulturskulen. Historielaget har ved fleire høve stilt opp med omvisning for grupper, men det er MiNG som har hatt ansvar for museumsdrifta og har hatt sommaromvisning. MiNG hadde også arrangement om dansen i Ottadalen i januar. Historielaget hadde kveldsseto i mars der Sigmund Ryen fortalde frå dagboka etter faren, han var norsk offiser som sat i tysk krigsfangenskap. Arkeolog Kjersti Tidemansen orientert om kulturminneregistreringa i Vågå i september, Vågå kommune var arrangør i samarbeid med historielaget.

Vågå Historielag har vore med og stifta Gudbrandsdalsmusea as og teikna aksjer for kr 15000,-. I prosessen har historielaget vore representert i interimsstyret og lagt vekt på å få ein desentralisert organisasjon med tilstadeverande representantar ved dei ulike musea. Dette har interimsstyret slut-

ta seg til. Det er framforhandla samarbeidsavtale mellom Gudbrandsdalsmusea as og Vågå Historielag som skal gjelde frå 1.1.2009. All drift i Jutulheimen inkl. utleie og vaktmester går over til Gudbrandsdalsmusea as, dei får ansvar for alle driftskostnader med unntak av vedlikehald. Historielaget skal ha forslag til vesentlege faglege tiltak til uttale. Historielaget skal ha ansvar for frivillig aktivitet, det kan vera aktuelt å få til aktivitetsgruppe/samarbeidsgruppe saman med andre frivillige lag.

Prestgarden

Paktarbustaden er bortleid som bustad medan låven, eldhuset og del av fjoset er bortleid til lager. Røyropplegget og inngangspartiet på hovudbygningen er reparert. Det er innvilga tilskot til reparasjon av stabburstaket med klokketårnet. Arbeidet er sett i gang ved at torva er måka av, men pga. av sjukdom kom vinteren for fort på oss.

Øvre etasjen på låven er rydda og teke i bruk til samling/utstilling av gammal landbruksreidskap. Frå Olav Ragnar Øien kom tømmerovgn, møkkjerre, piggruskar, langsled, bukk og geit m/drag, lynningsdrag, omkastarplog og to sæla. I samband med utstilling er studeren, lysthuset, hovudbygningen og eldhuset rydda og til dels reingjordte. Akvarellane av William Duppa Crotch vart innrama, og under Vågå-dågå vart desse utstilt i hovudbygningen saman med innlånte akvarellar av same kunstnaren. Samtidig vart målerisamlinga av Kristen Holbø og gamle fotografi stilt ut, og ellers var bygningane opne med m.a. aurbu-utstilling, landbruksreidskap og baking i eldhuset. Utstillingane var også oppe ei helg om hausten.

Laget ellers

Frå årsmøtet 12. mars 2008 har styre vore dette:

Knut Raastad styreleiar

Dag Aasheim nestleiar

Reidun Sønsteli, Håkon Ulsand og Arne Strand styremedlemmar

Einar Hårstad, Bjula Ulsletten og Even Luseter varamedlemmar

Det har i året vore sju styremøte, og varamedlemmane møter på lik line med styremedlemmane. Laget har 444 medlemmar.

Innbetaling av frivillige medlemspenger har vore så bra at styret ser seg i stand til utgjeving av årsskriftet Jutulen med utsending til alle medlem-

mane. Jutulen 2008 var konsentrert om at Jutulheimen hadde markert 50-årsjubileum, og hadde artiklar om Jutulheimen og Jutulen. Ellers er det gjeve ut kunstkalender med akvarellar av Crotch. I juni hadde historielaget kveldstur til langhustomta på Visdal. Det er historielaget som kostar pynting av gravene til Jo Gjende, Ivar Kleiven og Trond Eklestuen; og etter at gravsteinen til Jo Gjende vart nedteke, er det støypt ny sokkel.

Historielaget har gått i gang med registrering av historiske opplysningar om setrene i Vågå, men treng hjelp av personar i kvar grend som kan samle informasjon. Ellers er historielaget representert i ei nemnd saman med m.a. kommuna for å få til arrangement i samband med kulturminneåret 2009. Det blir planlagt m.a. utstillingar, foredrag, turar og vandringar der historielaget skal delta.

Styret takkar Vågå kommune, andre samarbeidspartar og medlemmar i laget for god hjelp og støtte i året 2008.